

**PLANOMTALE**

**FOR**

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR**

**Kyrkjeflaten massetak i Lom kommune**

**Planid. 34340008**



Foto frå planområdet i 2024. Grusflata bakafor steinane midt i bilde, er lagra massar frå kraftutbygginga i den gamle grusgruva for bruk for stell og vedlikehald av veganlegga (område R1 i planforslaget). Foto: Ø. Pedersen.

**Utarbeidd av Felles plankontor for Lom og Skjåk kommunar.**

Revidert ved planvedtak

## Innhald

1.	Bakgrunn for planforslaget.....	4
2.	Planområdet si lokalisering og egedomsforhold. ....	4
3.	Planstatus og føringar for planarbeidet. ....	6
3.1	Kommuneplanens arealdel .....	6
3.2	Andre føringar og dokument av betydning for planarbeidet. ....	7
4.	Grusressursen og bruk av grusen. ....	7
4.1	Grusressursen i planområdet .....	7
4.2	Finns det alternativ til uttak på Kyrkjeflaten? .....	9
4.3	Grusverksemda i planområdet.....	11
5.	Kartgrunnlaget.....	14
6.	Varsel om oppstart av planarbeid.....	15
7.	Innspel og merknadar ved varsel om oppstart av planarbeid – og i planleggingsfasen... ..	15
7.1	NVE, brev datert 11.07.2023 .....	15
7.2	Direktoratet for mineralforvaltning, brev 21.07.2023.....	15
7.3.	Innlandet fylkeskommune, brev datert 29.08.2023.....	18
7.4.	Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 31.08.2023 .....	19
7.5.	Veganlegget Hesthagen- Smørli, e-post datert 04.12.2024.....	20
7.6.	Lom fjellstyre, e-post datert 19.12.2024 .....	21
8	Planforslaget.....	23
8.1	Reguleringsformål .....	24
8.1.1	Område for råstoffutvinning (R1 – R4).....	24
8.1.2	Køyreveg (V1).....	29
8.1.3	Annan veggrunn – grøntareal (AVG1 - AVG5).....	29
8.1.4	LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksem basert på garden ressursgrunnlag (LNFR1 og LNFR2).....	29
8.1.5	LNFR i kombinasjon med anna hovudføremål – massedeponi (KLM1).....	29
8.2	Omsynssoner .....	29
8.2.1	Omsynssone - landskap (H550_1). .....	30
9.	Uttalar ved offentleg ettersyn og høyring av planforslaget.....	30
9.1	NVE, brev datert 03.03.2025 .....	30
9.2	Direktoratet for mineralforvaltning, brev datert 13.03.2025.....	31
9.3	Innlandet fylkeskommune, brev datert 31.03.2025.....	32
9.4	Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 30.04.2025 .....	33
10.	Planforslaget – endringar ved endeleg handsaming.....	34
11.	Verknadar av planforslaget.....	35
11.1	Utløyser reguleringsplanforslaget krav om konsekvensutgreiing? .....	35

11.2	Verknadar for naturmiljø og naturmangfold.....	41
11.3	Verknadar for friluftsliv og barn/unge.....	43
11.4	Verknadar for landskap.....	44
11.5	Verknadar for kulturminne og kulturmiljø.....	53
11.6	Verknadar for vassressursar.....	53
11.7	Verknadar for geologiske ressursar.....	55
11.8	Verknadar for jord- og skogbruk.....	55
11.9	Verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling.....	58
11.10	Verknadar for forureining, energi og klima.....	58
11.11	Verknadar for teknisk infrastruktur.....	60
11.12	Verknadar for samfunnstryggleik.....	60

## 1. Bakgrunn for planforslaget.


Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift av masseuttak på Kyrkjeflaten ved Nåvårsetrene i Lom kommune. Planforslaget som blir fremma, er vurdert å vere i samsvar med kommuneplanens arealdel for Lom vedteken 15.12.2022, der arealet er lagt ut som område for råstoffutvinning M6.

Planforslaget er utarbeidd i kommunal regi av Felles plankontor for Lom og Skjåk.

Planarbeidet er utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Kommunen har vurdert at reguleringsplanarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.


## 2. Planområdet si lokalisering og eigedomsforhold.

Planområdet ligg i Vårdalen statsallmenning sør, GID 157/1, inntil Veodalsvegen sør for Nåvårsetrene og vest for setrene/dyrkingsfelta på Nåvårsetervangen og Tesse. Det har vore masseuttak i planområdet i ei årrekke primært for bruk til vedlikehald av setervegar og fjellvegar. Illustrasjon 1 viser planområdet og den nære omgjevnaden. Av kartet kan ein også sjå at det nok er steinformasjonen Steinkyrkja som har gjeve namnet til Kyrkjeflaten nedafor. Planområdet har eit areal på om lag 80,5 dekar.



Illustrasjon 1: Kart som viser lokalisering av planområdet for Kyrkjeflatene (fiolett flate) i området ved Nåvårsetrene. Naboeigedomar er avgrensa med raude grenseline og påført gnr/bnr/fnr.

Illustrasjon 2 på neste side, viser lokaliseringa av planområdet i mindre målestokk (1:30 000) vest for innsjøen Tesse med seterområder og fjellområde ikring.



Illustrasjon 2: Kart som viser lokalisering av planområdet for Kyrkjeflaten (fiolett flate). Planområdet ligg vest for Tesse inntil Veodalsvegen, og like sør for Nåvårsætrene i Lom.


### 3. Planstatus og føringerar for planarbeidet.

#### 3.1 Kommuneplanens arealdel

Arealet som skal regulerast for massetak, har arealbruksformålet "råstoffutvinning" M6 i kommuneplanens arealdel for Lom, som vart vedteken av kommunestyret 15.12.2022.

Område M6 var da vidareført frå kommuneplanens arealdel for Lom frå 2003. Arealbruken som vart vedteken i 2003 hadde igjen grunnlag i "Kommunedelplan for sand, stein og grus" vedteke i 1997, der også området låg inne som eit av områda for grustak.

I arbeidet med kommuneplanens arealdel frå 2022, vart det utarbeidd konsekvensutgreiing for område M6. Denne danna grunnlag for vidareføring av område for massetaket i den nye kommuneplanen. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M6. I planføreseggnene til kommuneplanen er det nedfelt at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal vere utarbeidd og innlevert forslag detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. I føreseggnene til kommuneplanen står det at detaljreguleringsplan skal ha føresegner om omfang, deponi og reglar for avslutting av anlegget. Utsnitt av plankartet til kommuneplanen for Lom frå 2022 i det aktuelle området, er vist på Illustrasjon 3 under.



Illustrasjon 3: Utsnitt av kommuneplanens arealdel frå 2022. For arealbruksformål for råstoffutvinning M6, er det påført at det gjeld krav om utarbeiding av reguleringsplan (#R). Grøne flatar er område for Landbruk, natur, friluftsliv og reindrift (LNFR). Gråe flatar (strekar) er vegar. Område med rutenett (svart) er bandlagt for bevaring av kulturminne (fangstanlegg). Område med raud skravering er aktsemdsområde for flaum.

I kommuneplanen er det også gjeve retningsliner til områda for råstoffutvinning. I desse er det vist til at drift av område for råstoffutvinning skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, og at det er Direktoratet for mineralforvaltning som er myndighet etter lova. Vidare er det vist til at massetak med uttak over 500 m<sup>3</sup> skal meldast direktoratet, som kan kreve driftsplan før uttak vert sett i gong, jf. Minerallovas § 42. Det er vist til at masseuttak med samla uttak større enn 10.000 m<sup>3</sup>, krever driftskonsesjon fra direktoratet før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Vidare er det vist til at det innebefatter utarbeiding av driftsplan som skal godkjennast av direktoratet, og at dette også gjelder ved utviding av eksisterende uttak. Det er den som er ansvarleg for uttaket, som også er ansvarleg for å avklare forholdet til mineralloven og som må sjå til at nødvendige løyer føreligg før uttak settast i gang. I retningslinene er det også nedfelt at tilhøve knytt til trafikkavvikling og støy skal utgreiaast nærmere ved detaljregulering for område for råstoffutvinning.


### **3.2 Andre føringar og dokument av betyding for planarbeidet.**

- Plan- og bygningslova (2008)
- Minerallova (2010)
- Naturmangfaldslova (2009)
- Kulturminnelova (1978)
- Vassressurslova (2000)
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)
- Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)
- Statleg retningsline for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)
- Statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet (2024)
- Rundskriv H-5718 Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling (2018)
- Samfunnsikkerheit i kommunens arealplanlegging (DSB, 2017)
- Regional plan for klima, energi og miljø for Innlandet fylkeskommune (2023)
- Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion i planperioden 2022 – 2027 (2021)
- Regional plan for samfunnstryggleik i Innlandet - Saman for eit tryggare fylke (2023)
- Konsekvensutredning for Smådøla kraftverk – AS Eidefoss (Sweco 2009)
- Fagrappport landskap og kulturminner – KU for Smådøla Kraftverk (Sweco 2009)
- Utbyggingsavtale mellom Eidefoss AS og Lom kommune ved konsesjon for bygging av Smådøla kraftverk (2010).


## **4. Grusressursen og bruk av grusen.**

### **4.1 Grusressursen i planområdet**

I følgje kvartærgeologiske kart frå Norges geologiske undersøkelser (NGU) ligg planområdet på Kyrkjeflata på ein breelv-avsetting (jf. illustrasjon 4 under). I NGUs grusbase er uttaket ved Kyrkjeflata registrert som ein ressurs av lokal verdi (jf. illustrasjon 5 under). På faktaarket for NGU sin registrering frå 2013, er massane oppgjeve som 30 % sand og 70 % grus. NGU har teke/analysert 2 feltpørvar som viser at 98-99 % består av fraksjonar med opphav i sterke bergartar.




Illustrasjon 4. Planområdet ligg på ein breelev-avsetting. Kjelde NGU lausmassekart.



Illustrasjon 5. Uttaksområdet ligg som ressurs av lokal verdi i NGU sin grusdatabase.

## 4.2 Finns det alternativ til uttak på Kyrkjeflaten?

Ser ei på NGU sitt kart over grusressursar i området ved Tesse, er det fleire større grusavsettingar som alternativt kunne ha potensiale for anlegg av masseuttak for vedlikehald av veganlegga Hesthagen-Smørli-Ekleseter og Veodalsvegen, jf. illustrasjon 6 under.



Illustrasjon 6: Utsnitt av NGU sin grusdatabase.

I tilknyting til veganlegget Hesthagen-Smørli-Ekleseter, er det ei større breelv-avsetting ved Nordsetrene, kalla Ilva i NGU sin grusdatabase. Denne dekker eit område på over 2 km<sup>2</sup>, og er berekna å ha ein mektigheit på 2 m. Seterbygnaden og jordbruksareala på Nordsetrene ligg på denne grusavsettinga. Det har tidlegare vore mindre grusuttak her som no er avslutta. I utkanten av denne førekomensten, ligg det inne i kommuneplanen eit areal avsett for mindre uttak i Tesse ved utlaupet av Ilva med krav om reguleringsplan før uttak kan starte. Det er starta opp reguleringsplanlegging i kommunal regi også for dette området, men utfallet av denne planlegginga er uviss da det også er viktige interesser knytt til friluftslivet på dette arealet, samstundes som det er problemstillingar knytt til erosjon. I alle tilfelle blir det berre aktuelt å tillate mindre uttak for "husbehov" for setrene på Nordseter. Verneverdiar knytt til kulturlandskapet er store i områda kring Nordsetrene, og eventuelt andre nye masseuttak vil truleg vere i stor konflikt med mellom anna seterbruk/landbruk, reiselivsinteresser og lokalt friluftsliv i området. Ein vurderer at det vil vere svært lite aktuelt med større grusuttak her.

Langs Smørlivegen like aust for Smørlisetrane, er det ei større breelv-avsetting forma som ei vifte kring nedre del av Sylva. Også denne avsettinga er stor, og dekker eit areal på i om lag 1 km<sup>2</sup>. Berekna mektigheit er også her på 2 m. Avsettinga ligg i eit ope fjellandskap og strekk seg over ein stor høgdegradient - frå 1060 moh. og heilt opp til om lag 1300 moh. Lom tamreinlag har gjetarhytte her. Ein ser for seg at konfliktane med masseuttak vil vere enda større her enn på Kyrkjeflata, både i forhold til omsynet til landskapsverdiar (ligg også innafor KULA) og til seterbruk, utmarksbeite, reindrift og friluftsliv. Ein vurderer at det vil vere svært lite aktuelt opne opp for eit område for større grusuttak her.

Like vest for enden av Smørlivegen og Smørlisetrane, er det ein lokalitet i NGU sin grus-database kring elvevifta for Nedre Grotåi. Denne er kartlagt som ein elveavsetting og som ein potensiell ressurs, men det er ikkje registrert kornfraksjonar. Lokaliteten har ei utstrekking på om lag 0,6 km<sup>2</sup> og ligg mellom 1075 og 1180 moh. Ein ser for seg at konfliktane med masseuttak vil vere større her enn på Kyrkjeflata, både i forhold til omsynet til landskapsverdiar (ligg også innafor KULA) og til seterbruk, utmarksbeite, reindrift, kulturvern, friluftsliv og naturvern. Det er mange freda kulturminne knytt til fangst av rein innafor dette arealet. Ein vurderer at det vil vere svært lite aktuelt å lokalisere eit nytt grusuttak her.

Vidare innover Smådalen er det fleire lokalitetar i NGU sin grusdatabase, men desse ligg alle dels innafor grensene for Smådøla naturreservat, og har dessutan svært vanskeleg tilkomst. Ein vurderer at det vil vere svært lite aktuelt finne lokalitetar for grusuttak her.

På Vågå-sida av kommunegrensa langs Veodalsvegen og Fuglesetervegen, er det ein større breelv-avsetting i NGU si grusdatabase kalla Holbekken. Avsettinga er beskrive som ein stor haug, og esker-avsetting, og dekker eit areal på i om lag 1,4 km<sup>2</sup>. Berekna mektigheit er på 2,2 m. Lokaliteten ligg i ope fjellterring, og strekk seg mellom 1000 moh. til 1200 moh. Ein ser for seg at konfliktane med masseuttak vil vere stor både i forhold til omsynet til landskapsverdiar, utmarksbeite, naturvern, reindrift og friluftsliv. Området ligg som LNFR-område i kommuneplanen for Vågå. Ein vurderer at det vil vere svært lite aktuelt finne lokalitet for større grusuttak her.

Konklusjonen er at det er vanskeleg å finne betre og mindre konfliktfylte alternativ til Kyrkjeflata for å skaffe grus for vedlikehald av veganlegga Hesthagen-Smørli-Ekleseter og Veodalsvegen i nokolunde nærleik til veganlegget. Å fortsette uttaka på Kyrkjeflata er heller ikkje problemfritt, det ligg oppe til i eit landskap som er omfatta av ei sone med særskilte verdiar som KULA-område, det ligg i eit område som er registrert i NGU si base for geologisk arb og det ligg forholdsvis nær og utan skjerming mot seterbygnaden på Nåvårseter, og det

ligg ei hytte som på det nærmeste ligg om lag 140 m unna. Derfor legg reguleringsplanen opp til forholdsvis avgrensa uttak i "jomfruelege" område. Basis for verksemda i dei nærmaste åra framover vil vere utnyttinga av dei knuste steinmassane etter kraftutbygginga som allereie er lagra i det gamle grustaket. Reguleringsplanen vil legge opp til at desse massane må takast ut og nyttast før ein tek hol på nye område. Kyrkjeflaten er påverka av verksemde med uttak av massar gjennom fleire år, og alt i alt vurderer ein det mindre konfliktfylt å fortsette grusverksemda her enn å starte uttak i nye område.

#### 4.3 Grusverksemda i planområdet

Både eldre flybilde og det som er nedfelt i kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, stadfestar at det har skjedd masseuttak i området for vedlikehald av setervegar og fjellvegar før det vart omfatta av kommunedelplanen. Det eldste flybilde ein har for området frå 1964, viser ein stikkveg inn i området og nokon lysare flatar som tydar på at ein allereie da hadde starta å ta ut massar. Flybilde frå 1981 viser derimot tydeleg at det vart drive masseuttak i enden av denne stikkvegen i meir omfattande skala, jf. illustrasjon 7 under.



Illustrasjon 7: Flybilde frå området frå 1981 viser at det var drive massetak i området i fleire år før området var innlemma i kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997. Reguleringsplanområdet er avgrensa med raud line.

I kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997 er det oppgjeve at grusen primært skal nyttast på veganlegg i Hesthagen-Smørli-Ekleseter. Dette veganlegget som startar i Garmo omfattar ei strekning på over 4 mil. I kommunedelplanen er det oppgjeve at det ikkje er att mykje grus, men at denne er av god kvalitet. Det er på den inste delen av dette veganlegget og spesielt på strekninga frå Nordsetrene til setrene i Smørli, at det har vore nytta grus frå Kyrkjeflaten. I perioden i og etter utbygginga av Smådøla kraftverk (sett i produksjon i 2015), da det var tilgang på større mengder tunnelmasse, er sprengstein frå her som er lagra på Kyrkjeflaten også vore behandla og nytta på Veodalsvegen. Veodalsvegen går frå

Nåvårsetrin til Glitterheim Turisthytte, og er om lag 25 km lang. Knuse og sikteverk blir leigd inn på midlertidig basis, og det blir da til vanleg knust og sortert masse for fleire års behov som blir lagra for seinare å bli køyrt ut på veganlegget.

Grustaket på Kyrkjeflata sto før kraftutbygginga fram som eit "krater" i terrenget etter mange års uttak. I den søre del av grustaket der terrenginngrepet var størst, vart det i samband med utbygginga, etablert eit permanent deponi av stein som vart sprengt ut av tunnel ved utbygginga. Dette er i samsvar med "Landskaps og miljøplan", datert 06.03.2013. Planen var utarbeidd av Norconsult AS og godkjend som ein del av konsesjonen NVE gav for utbygging av Smådøla kraftverk, jf. illustrasjon nr. 8 frå denne planen under.



Illustrasjon 8. Illustrasjonen viser kva for område som i landskaps- og miljøplanen vart sett av for permanent deponi for stein som var sprengt ut av tunnel frå kraftutbygginga i Smådøla (kjelde "Landskaps og miljøplan" Norconsult AS).

Det vart i samband med utbygginga påpeika frå Fjellstyret og vegselskapet, at ei oppfylling av Kyrkjeflata med tunnelmasse, måtte skje slik at det ikkje skulle vere til hinder for framtidige grusuttak. Og i samsvar med landskaps og miljøplanen, skulle det framleis kunne drivast grusverksem i den nordre delen av grustaket. Dette både for uttak frå den naturlege grusførekomsten og for vidareforedling av steinmassar frå kraftutbygginga som ikkje skulle deponerast permanent. Det er såleis lagra ein større mengder grov sprengstein etter kraftutbygginga i den nordre del av uttaket på Kyrkjeflata, som skal nyttast til framtidig vedlikehald av vegar i området. Sprengsteinen som er lagra her, må knusast for å kunne nyttast for vegvedlikehald. Ved vidareforedling vil det gi grus som er vurdert som svært godt eigna til for vedlikehald av vegane. Illustrasjon 9 under viser flybilde frå 2015 der ein ser aktiviteten i grustaket på Kyrkjeflata under anleggsfasen for kraftutbygginga.



Illustrasjon 9. Utsnitt av flyfoto over planområdet frå 2015 (Norge i bilder/GeoVekst).

På arealet med det permanente deponiet, vart steinfyllingane dekt over med jordmassar for etablering av vegetasjon/skog ved avsluttinga av alle tiltaka som følgje av kraftutbygginga i 2019. Illustrasjon 10 under viser det permanente massedeponiet som er lagt opp til nokon lunde same høgde som tilkomstvegen inn frå Veodalsvegen.



Illustrasjon 10. Det permanente massedeponiet etter kraftutbygginga på søraustre del av Kyrkjeflaten (i bakgrunnen av bildet), er lagt opp til same høgde som tilkomstvegen inn frå Veodalsvegen. Flata i framgrunnen er lager av massar frå kraftutbygginga for uttak og bruk på veganlegget. Massane her består av sprengstein som er dekt over med eit gruslag for tryggleik/tilkomst (foto Ø. Pedersen 2024).

Plankontoret har gjort ei enkel berekning av dei knuste grusmassane som veglaget har lagra i det gamle grustaket. Dette er gjort ut frå innmåling av overflata av massane som er lagra og anslått høgde på fyllinga på 4 m ut frå nivået på den nedre uttaksflata. Ein har kome fram til at det er pr. i dag ligg lagra om lag  $8.850 \text{ m}^3$  grov spriegstein. Ved knusing /opparbeiding er det rekna at det vil gi om lag  $6.200 \text{ m}^3$  grus som veglaget kan nytte for framtidig bruk på veganlegga (jf. masseberekinga som er vedlegg til planforslaget). Veglaget anslår eitt årleg forbruk av grus på  $500 \text{ m}^3$ , der vedlikehaldsbehovet varierer sterkt i forhold til tele, nedbør, snøsmelting, avrenning osv. Dette vil, tilseie at grusen her vil kunne dekke behovet for grus for vedlikehald av veganlegget i om lag 12 år. Framskrivingar av klima gir grunn til å tru at behovet for grus for vedlikehald av veganlegget i alle fall ikkje vil minske i åra som kjem.

## 5. Kartgrunnlaget.

Det føreligg oppdatert kartgrunnlag for området med 1 m høgdekoter. Høgdegrunnlaget er framkome ved laserskanning (Lidar) i 2018 i regi av Geovekst. Oppgjeve punkttetthet er 5 punkter pr.  $\text{m}^2$  og nøyaktigkeit 0,25 m. Det har skjedd noko arbeid i grustaket i samband med ferdigstilling av det permanente massedeponiet (avslutta 2019) og veglagets verksemid i samband med lagring/uttak av massar. Desse endringane er dels fanga opp ved innmålingar av terrengeoverflata og tilkomstvegen til grustaket av plankontoret i 2024. Illustrasjonen under viser kartgrunnlaget som er korrigert ut frå desse suppleringsinnmålingane.



Illustrasjon 11: Kartgrunnlaget i området (FKB 2018) supplert med eigne innmålingar i 2024.

## **6. Varsel om oppstart av planarbeid.**

Varsel om oppstart av planarbeid vart sendt 27.06.2023, og vart kunngjort på Lom kommune si heimeside og med annonse i avisas Fjuken.

## **7. Innspel og merknadar ved varsel om oppstart av planarbeid – og i planleggingsfasen.**

Det kom inn 6 uttaler/innspel ved planoppstart. Desse er referert og kommentert under. I tillegg har plankontoret i fasen med utarbeidinga av planen, gjennomført møter og synfaringar med grunneigar Statskog, Lom fjellstyre, vegselskapet mfl., og også fått skriftlege innspel/merknadar knytt til planutforminga i samband med dette. Også desse er referert og kommentert under.

### **7.1 NVE, brev datert 11.07.2023**

For å sikre at tiltaket ikkje påverkar grunnvasstand, rår NVE kommunen til å sette nedre uttaksnivå for uttaket. Dei peikar på at grunnvatn er underlagt vassressurslova, og at særskilte føresegner for grunnvatn finns i lovas kapittel 8, § 44 og § 45.

NVE rår kommunen til å nytte deira internetsider for arealplanlegging i planarbeidet for å få eit fullstendig oversyn over korleis ein kan ta omsyn til deira tema. Dei visar særleg til NVE sin kartbasert rettleiar for reguleringsplan.

NVE skriv at dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. Dei skriv at det av plandokumenta må gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen, og at det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.

#### Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

*Ein vil gjennom planarbeidet gjennom reguleringsføresegner, fastsetje eit nedre uttaksnivå slik at uttaket av massar ikkje påverkar grunnvatnet og grunnvasstanden.*

*Ein vil ved utarbeiding av reguleringsplanen vurdere planløysingar i forhold til NVE sin vugleiar for reguleringsplanar og NVE sine kartløysingar. Det er ikkje vassdrag i planområdet, og ut frå NVE sine aktsemeldskart, er det det ikkje skredfare eller flaumfare i planområdet. Kart over dreneringsliner frå InnlandsGIS viser at det er bekker/naturleg søkk i terrenget der det vil kunne drenere vatn ned mot planområdet ved ein situasjon med ekstrem nedbør/langvarig nedbør. Kartet viser at vatnet vil drenere ned langs vestsida av Veodalsvegen og ikkje kome inn i uttaksområdet, men ein vil gjøre ei grundigare vurdering av dette som del av ROS-analysen.*

*Planforslaget vil bli sendt NVE for uttale ved offentleg ettersyn og høyring.*

### **7.2 Direktoratet for mineralforvaltning, brev 21.07.2023**

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til at formålet med planen er å legge til rette for utnytting av massar til vedlikehald av setervegar og lokale behov.

DMF skriv at uttak av mineralressursar i mange høve utgjer omfattande inngrep, og at regulering bidreg til å sikre openheit, føreseieleghet og medverknad for alle interesser og myndigheter, der det blir lagt vekt på langsiktige løysningar og utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn. DMF skriv at deira generelle tilråding er at området kor det skal drivast uttak, blir regulert til arealformålet råstoffutvinning.

DMF viser til Noregs geologiske undersøking (NGU) sin ressursdatabase, der sand- og grusførekomsten Kyrkjeflaten er registrert innanfor planområdet. Dei skriv at førekomenst er vurdert til å ha lokal betyding som byggeråstoff.

DMF peikar på at ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg, og at det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet. Dei skriv at dei forventar at plandokumenta omtalar dei mineralske ressursane som skal takast ut og at det innarbeidast ei vurdering av om ressursane har kvalitetar som gjer dei eigna til den aktuelle bruken av massane. Arealet der uttak skal tillatast bør bli utforma på ein måte som sikrar både at ressursane kan utnyttast i samsvar med geologien i området, og samstundes legge til rette for formålstenleg og forsvarleg drift. DMF skriv at plandokumenta bør gjere greie for at ressursgrunnlaget for uttaket er til stede. Det inneber ei utgreiing av estimert totalt uttaksvolum og anteke årleg uttak for å estimere levetid, ressursen sin kvalitet og kvalitetsvariasjonar, samt bruksområde og marknad på kort og lang sikt.

DMF skriv at eksisterande uttak ikkje er registrert i DMF sitt uttaksregister. DMF peikar på at det gjeld meldeplikt til DMF for samla uttak over 500 m<sup>3</sup> masse til DMF, jf. minerallova § 42. Dei viser til at melding skal sendast inn minst 30 dagar før oppstart av drift og at DMF kan krevje at det skal utarbeidast driftsplan for uttaket.

DMF peikar på at samla uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. dei viser til at søknad skal sendast til DMF og blir deretter sendt på høyring til aktuelle partar og lokale og regionale myndigheter, før konsesjon eventuelt blir gjeve.

DMF skriv at arealavklaringa for masseuttaket skal fastsettast i reguleringsplanen, og gjennom reguleringsføresegna kan det blant anna settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk. Dei skriv at formalet med reguleringsføresegna bør gå klart fram i planomtalen. DMF oppmodar om at reguleringsplanen ikkje legg føringar for sjølv drifta av uttaket. Dei skriv at årsaka er at ei eventuell endring i drifta kan føre med seg avvik mellom reguleringsplan og driftsplan, som kan innebere ei ny handsaming etter plan- og bygningslova. DMF viser til at eit masseuttak har ofte eit livsløp som går over fleire tiår, og at ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar, og skal kunne endrast i takt med laupande bergfaglege vurderingar og andre driftsrelaterte forhold.

DMF skriv at masseuttak med bratte skrentar kan utgjere ein fare for omgjevnadene, og at den som driv masseuttak som er omfatta av minerallova er ansvarleg for å sikre uttaksområdet. Dei rår til at det blir utforma føresegns som krev at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra.

DMF skriv at dersom det er naudsynt, må det leggjast opp til skjerming av sjølv uttaksområdet. Dei viser til at ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og støv, og i tillegg ha ein estetisk funksjon. Dei rår til at skjermingstiltak ikkje blir lagt

oppå, men ved sidan av uttaksområdet, da det ikkje skal skje uttak i områder som er regulert til skjermingstiltak. DMF peikar på at det er viktig at det blir sett av tilstrekkeleg areal i reguleringsplanen til både sikrings- og skjermingstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse.

DMF rår at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegn til arealformålet råstoffutvinning på følgjande, eller tilsvarande måte: «Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til arealbruken skogbruk (eksempel)»

DMF skriv at det er viktig at kommune og tiltakshavar vurderer korleis området skal utformast etter avslutta drift og kva for formål området skal førast tilbake til. Dei skriv at korleis avsluttinga av uttaksområdet skal gå føre seg og kva slags arealformål uttaket skal bli sett i stand til, vil gi god kopling til DMF si handsaming av søknad om driftskonsesjon.

Kommentarar til uttala fra saksbehandlar:

*Ein merkar seg det DMF skriv og vil følgje det opp ved utarbeidninga av reguleringsplankart, reguleringsføresegner og i planomtalens.*

*Grustaket og området som regulerast er berre ein liten del av ein større breelv-avsetting. I dette området som ligg i eit ope fjellandskap, er det andre omsyn enn optimal utnytting av råstoffkjelda som må vektleggast tungt. Omsyn til landskap, naturmiljø mm. gjer at ein her berre kan legge opp til ein forsiktig utnytting av ressursen for å dekkje stadlege behov.*

*Som det går fram av kapitel 4.3 framføre, er det lagra ein større mengde grov spregstein i grustaket etter sprenging av tunnelar i samband med bygginga av smådøla kraftverk som er meint for bruk på veganlegget. Massane her er av plankontoret berekna til 8.850 m<sup>3</sup>.*

*Planforslaget legg opp til at denne ressursen skal utnyttast først, før ein startar uttak på meir "jomfruelege" areal innan planområdet. Med normalt forbruk av massar for å vedlikehalde veganlegget, er det venta at desse lagra massane vil dekke behovet for massar til vedlikehald og stell av vegane i over 12 år framover.*

*Med grunnlag i behovet for å sjå vidare ut over denne tidshorisonten, har ein sett på kva for nye areal som kan opnast for uttak innan planområdet. Det er med bakgrunn i store landskapsverdiar (m.a. status som KULA- område), verneomsyn knytt til geologisk arv (NGU), nærliek til viktige kulturminne m.m., ikkje aktuelt å starte omfattande nye masseuttak i området. Ein har med bakgrunn i synfaringar i området i planforslaget lagt inn nye areal for uttak inntil det eksisterande uttaket. Forslaget om nye uttaksområde omfattar eit areal på om lag 2,8 dekar, der det er rekna at ein kan ta ut 17.353 m<sup>3</sup> massar. Ein viser til masseberekinga som er vedlegg til planforslaget og omtalen av denne i kapitel 8.1 under.*

*Etter regelverket vil tiltaket med utviding av massetaket utløyse krav om driftskonsesjon frå Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) etter minerallovas § 43. I lova er ordlyden at krav om driftskonsesjon slår inn ved samla uttaka av mineralførekostar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> urørt (*in situ*) masse, og på Kyrkjeflatene er det i reguleringsplanforslaget snakk om samla uttak i område R2, R3 og R4 av 17.353 m<sup>3</sup> "urørt" masse. Dei om lag 8.850 m<sup>3</sup> massane som er behandla massar teke ut ved fjellsprenging av tunnel og tilført område R1, skal ein da ikkje rekne med som "urørt masse", men ein kjem i alle fall over grensa for krav om konsesjon. Det vil da også vere krav om utarbeidning av driftsplan for uttaket for godkjenning*

av DMF. Minerallova § 42 seier at uttak over 500 m<sup>3</sup> er skal meldast til DMF minst 30 dagar før oppstart av drift, og at DMF kan krevje at det skal utarbeidast driftsplan for uttaket.

### 7.3. Innlandet fylkeskommune, brev datert 29.08.2023.

Innlandet fylkeskommunen (IFK) peikar på at planforslag og tiltak etter pbl. § 1-6 som røyver ved overflatevatn og grunnvatn skal vurderast etter miljømåla som er fastsette i regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken vassregion 2022-2027. Dei viser til at det i tillegg har vorte vedteke regionale planar for klima, energi og miljø og samfunnstryggleik for Innlandet fylke. IFK skriv at desse tre planane bør implementerast i planen under kapittelet om regionale føringar og føresegner, og leggjast til grunn i vidare arbeid.

IFK skriv at dei føreset at planarbeidet skjer i henhold til overordna lov-, plan- og regelverk, og i god dialog med ramma partar. Dei skriv at dei ut over dette, ikkje har vesentlege planfaglege merknader til det varsle reguleringsplanarbeidet.

IFK skriv at i følge arkivopplysningar ikkje finns kjende automatisk freda kulturminne innanfor eller i nærleiken av det aktuelle området. Dei viser til at tiltaket er av relativt avgrensa karakter. Dei skriv vidare at bilete frå flyboren laserskanning over området heller ikkje viser synlege spor etter utmarkskulturminne. Utifrå dette har IFK vurdert det slik at det ikkje trengs å gjerast ei arkeologisk registrering i saka.

Innlandet fylkeskommune skriv at dei likevel må ta reservasjon om mogleg kulturminne som ikkje tidlegare er registrert, til dømes kulturminne under markoverflata. Dei skriv at dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjende, skal arbeidet stansast dersom det kjem i kontakt med kulturminna eller sikringssona på fem meter. IFK skriv at det er viktig at også dei som utfører arbeidet i marka blir gjort kjent med dette. Melding om funn skal straks sendast Kulturarv, Innlandet fylkeskommune, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

IFK skriv at masseuttaket ligg i eit område med fleire SEFRAK-registrerte seterområde. Det vil bli ein auka trafikk av tyngre køyretøy som kan ha negativ påverking på husa i seterområda.

IFK skriv at dei ikkje har samferdselsfaglege merknader til saka.

#### Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

*Dei regionale planane som IFK nemner, vil gå inn som grunnlag for og gi føringar for det vidare planarbeidet.*

*Når det gjeld kulturminne, kjenner heller ikkje kommunen til at det er slike i eller i direkte nærleik til planområdet. Ein tek fylkeskommunen si uttale til etterretning, og vil ta inn føresegner knytt til mogleg funn av kulturminne som ikkje er kjende som IFK skriv i uttala.*

*Massar frå uttaket skal primært nyttast til vedlikehald av veganlegget. Grus må køyrast ut på vegen, og trafikken av tyngre køyretøy vil venteleg ikkje bli høgare enn i dag. Grustaket er lokalisert langs vegen innafor Nåvårsetrene, og lokaliseringa slik sett vil vere fordelaktig med omsyn til at trafikk vidare innover veganlegget vil ha mindre negativ verknad på seterområda, enn om all grusen skulle bli henta utanfrå og transportert forbi seterområdet.*

#### **7.4. Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 31.08.2023**

Statsforvaltaren viser mellom anna til at framlegget til reguleringsplan er ei oppfølging av arealbruk fastsett i vedteke arealdel til kommuneplanen. Han viser til at det ikkje er gjort ei ny KU-vurdering som følgjer oppstartvarselet, men at det er lagt ved KU utarbeidd til kommuneplanens arealdel. Statsforvaltaren peikar på at sjølv om eit tiltak er konsekvensutgreidd på kommuneplannivå, vil dette ikkje utan vidare dekke opp KU-behovet for detaljreguleringsnivå dersom det faller innenfor forskriften sitt virkeområde. ...». Statsforvaltaren skriv at det frå deira side likevel ikkje her er opplagt at tiltaket utløyser krav til ny KU-vurdering.

Statsforvaltaren skriv at dei registererer at NGU har registrert kringliggjande område som «Geologisk arv» med ei interessant avsmeltingshistorie (Nåvårsæterhaugane). Dei skriv at det ikkje ligg føre planar frå Statsforvaltaren om supplerande vern her, men vi ber kommune trekkje inn og vurdere dei kvartærgeologiske verdiane i planskildringa.

Statsforvaltaren viser til at naturmangfaldlovas (nml) prinsipp i §§ 8-12 skal elles leggast til grunn som retningsliner ved offentlege avgjerder, og vurderinga skal gå fram av vedtaket. Han ventar at vurderingar etter nml §§ 8-12 blir innarbeidd i planskildringa og/eller i konsekvensutgreiinga, og at det blir teke omsyn til eventuelle naturverdiar gjennom bruk av arealformål og planføreresegner. Statsforvaltaren skriv at han ikkje er kjend med førekomst av spesielle verdiar innanfor planområdet ut over det dei har spilt inn over, men at kommunen likevel må vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok.

Statsforvaltaren skriv at planforslaget av omsyn til landskapet, må m.a. sette klare krav til uttaksgrenser, istandsetting og etterbruk. Han forventar at det blir gjort greie for tilkomst til uttaksområdet, og at det bør det sikrast skjerming av uttaksområdet. Statsforvaltaren skriv at kommunen bør syte for avklaring av reguleringsføremål og ev. istandsetting etter avslutta uttak, og sikre at dette inngår i reguleringsforslaget. Statsforvaltaren skriv at det vil vere ein fordel om landskapsverknad blir visualisert med bildeanimasjonar frå ulike ståstadar i det kommande planforslaget.

Statsforvaltaren forventar at det blir gjort greie for støy, avrenning og støv frå uttaksområdet. Han viser til at forureiningslova regulerer miljøulemper frå masseuttak gjennom sjølvberande forskrift i forureiningsforskrifta, kapittel 30. Statsforvaltaren rår også til at det blir vist til kapittel 30 i forureiningsforskrifta i planføreresegne. Han viser til at ein gjennom planføreresegner også kan skjerpast i høve til krav i forureiningsforskrifta, dersom planstyresmakta ønsker dette.

Statsforvaltaren viser til at det ligg det dei oppfattar som ein privat fritidsbustad nær uttaksområdet, berre ca. 40 m frå uttaksområdet, og at det ligg sætrar 400-500 m nord for uttaksområdet. Statsforvaltaren forventar at det blir teke omsyn til bruken av desse ved utarbeiding av reguleringsplanen. Han ber vidare om at tiltakshavar og kommunen vurderer behovet for ei støyanalyse for å greie ut slik påverknad.

Statsforvaltaren skriv at samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige forhold skal varetakast i reguleringsplanen på grunnlag av risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. plan- og bygningslova §§ 3-1 pkt. h og 4-3. Han føreset at rundskrivet til kommunal- og distriktsdepartementet H-5/18-Samfunnstryggleik i planlegging og byggjesaksbehandling blir lagt til grunn.

Statsforvaltaren peikar på at risiko- og sårbarheitsanalysen skal utarbeidast i tråd med rettleiar Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging som Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap gav ut i 2018.

Statsforvaltaren skriv at kommunen må sikra at planområdet er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe, og at tiltak ikkje fører til fare eller vesentleg ulempe for grunn, jf. plan- og bygningslova § 28-1.

Kommentarar til uttala fra saksbeandler:

*Det er planomtalen kapitel 9.1, gjort ei vurdering av om detaljreguleringa utløyser krav om konsekvensutgreiing(KU) etter KU-forskrifta - ut over den KU som vart utarbeidd som del av arbeidet med kommuneplanens arealdel.*

*Kommunen har også merka seg det Statsforvaltaren viser til, om at det er registrert område kalla Nåvårsæterhaugane som i NGU sitt register for geologisk arv. Vurderingar kring verneverdiar her og etter nml. §§ 8-12 blir innarbeidd i planskildringa og/eller i ei eventuell ny konsekvensutgreiing. Det vil så langt som mogeleg bli teke omsyn til eventuelle geologiske verdiar og andre naturverdiar ved utforminga av planforslag.*

*Ved utarbeiding av planen vil uttaksgrenser, istandsetting, skjerming, avslutting og etterbruk vere sentrale tema som blir behandla og som vil vere naturleg å knyte planførere segner til saman med bruk av arealformål på plankartet. Ein vil søkje å visualisere verknad for landskapet i bildeillustrasjonar som del av planmaterialet.*

*Det skal bli utarbeidd ei ROS-analyse som del av reguleringsplanarbeidet i tråd med vegleiar frå DSB frå 2018. ROS-analysen og eventuelle tiltak som blir føreslege i denne, vil danne grunnlag for at reguleringsplanen blir utforma slik at planområdet blir sikra mot fare og at utbygginga ikkje føre til fare eller vesentleg ulempe for nabogrund.*

## 7.5. Veganlegget Hesthagen- Smørli, e-post datert 04.12.2024

Innspelet kom etter at plankontoret har hatt møter og synfaring med grunneigar, fjellstyret og veglaget, og etter at desse også har hatt førebels utkast til reguleringsplanforslag til gjennomsyn.

Veganlegget Hesthagen-Smørli skriv at dei hadde denne saka oppe til orientering og drøfting på årsmøtet 01.12.2024. Dei skriv at reguleringsplanen heilt tydeleg vil avgrense deira moglegheiter for masseuttak i forhold til det ressursgrunnlaget dei har hatt tidlegare. Dei skriv at dei opplever at behovet for veggrus og reparasjonsmasse har vorte aukande dei siste åra med årsak i større nedbørsmengder. Veglaget viser til at uttaket på Kyrkjeflaten i dag er tilgjengeleg også for andre aktørar, og dei viser til at Eidefoss, Lom fjellstyre og turistforeininga også har interesse av Kyrkjeflaten som masseuttak. I det vidare skriv dei mellom anna at dersom veganlegget får ein særrett gjennom avtale med Statskog på

Kyrkjeflaten om masseuttak, så meiner styret i veganlegget at dette vil være ein stor nok ressurs i overskodeleg framtid. Dette med mindre det oppstår store øydeleggingar.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

*Ein merkar seg det veganlegget skriv.*

*Når det gjeld evt. særrett for veglaget til ressursane i planområdet, er dette eit forhold som ikkje vedkjem reguleringsplanlegginga, og som i så fall må avtalast direkte med grunneigar Statskog. I den opphavlege kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, var det oppgjeve at massane skal nyttast på veganlegget Hesthagen - Smørli - Ekleseter. Det er denne planen som ligg til grunn for vidareføring i kommuneplanen for Lom i 2003 og 2022. Ein registrerer at det i mindre omfang også har vore teke ut grus av andre, og at fjellstyret også ønskjer at grus frå uttaket også skal kunne nyttast av dei som har seterrett i statsallmenningen, jf. kap. under.*

## 7.6. Lom fjellstyre, e-post datert 19.12.2024

Også dette innspelet kom etter at plankontoret har hatt møter og synfaring med grunneigar, fjellstyret og veglaget, og etter at desse også har hatt førebels utkast til reguleringsplanforslag til gjennomsyn.

Fjellstyret skriv at dei drøfta saka i møte 16. desember og at dei meiner det er viktig at vilkår for uttak får ein ordlyd slik at massetaket på Kyrkjeflaten blir tilgjengeleg til ulike tiltak som styrkar bruksrettsutøvinga i allmenningen. Fjellstyret skriv at masser frå uttaket bør kunne nyttast både til veganlegg og andre tiltak, t.d. grunnarbeid i tilknyting til bygningar og installasjonar på seter i drift.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

*Ein merkar seg det fjellstyret har uttala, og held det saman med uttala frå veganlegget Hesthagen-Smørli, jf. kapitelet over.*

*Plankontoret kan sjå at det er noko motstrid mellom desse to uttalene, men vil ikkje tru at konflikten er særleg stor. Behovet for å ta ut grus til byggebehov for seter i drift i Vårdalen statsallmenning sør, vil etter alt sannsyn over tid omfatte svært avgrensa mengder grus, og ikkje gå i vesentleg grad ut over ressursane i uttaksområdet. Med bakgrunn i uttala frå fjellstyret og at uttaket ligg i statsallmenning der setrene i området har rettigheter, vil ein söke å utforme planen slik at den opnar for at ressursen også blir tilgjengeleg for dei behov fjellstyret skisserer. Ei slik opning vil likevel røyse nokre problemstillingar i høve til regelverk knytt til konsesjon og driftsplan, som skissert i det fylgjande.*

*Det må vere ein tiltakshavar som må søkje og få konsesjon for drift av uttaket frå Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF). I samband med konsesjonssøknaden skal det vere utarbeidd ein driftsplan, som også skal bli godkjend av DMF. Driftsplanen skal beskrive og illustrere korleis tiltakshavar planlegg å drive og avslutte uttak. Dette gjeld mellom anna korleis uttaka skal skje, tiltak for å avgrense miljøulemper og reglar for avslutting. Driftsplanen skal gjere det mogeleg for DMF å vurdere om det planlagde uttaket skal gjennomførast på en bergfagleg forsvarleg måte og i tråd med krava i mineralloven. Overordna krav er at uttak av mineralske ressursar skal skje på en sikker og forsvarleg måte og at mineralførekomensten blir*

*utnytta best mogeleg. Ein grusførekost som har kvalitetar for produksjon av byggeråstoff og for produksjon av veggrus, bør til dømes ikkje bli nytta til fyllmasse.*

*For å kunne innfri desse krava, vil det vere naturleg at det er veggelaget som søkjer konsesjon og godkjenning av driftsplan, og vil stå som ansvarleg for drifta av uttaket. Slik plankontoret ser det, må uttak til anna føremål for rettshavarar i statsallmenningen, skje i regi av den som har driftskonsesjon. Det kan ikkje vere slik at den enkelte rettshavar i allmenningen sjølv kan kome å hente massar utafor konsesjonshavaren sin kontroll. Drivar må ha kontroll på uttak av ressursar frå uttaket, og må kunne få ei økonomisk godtgerdsel for eventuell foredling av råstoff og andre kostnadars.*

*I reguleringsplanen kan ein gi reglar som opnar for at ressursen kan nyttast for råstoff i samband med bygningar og installasjonar på setre, men korleis dette skal skje må styrast av grunneigar og driftsplan. Ein tenkjer at det vil vere praktisk at det blir etablert ein avtale mellom grunneigar Statkog og veggelaget om drift av uttaket. Ei mogeleg løysing kan då vere at settereigarar som har behov for massar til byggeverksemd, søkjer grunneigar om godkjenning for å kunne nytte retten til å ta ut massar frå uttaket på Kyrkjeflata i samband med godkjenning av byggetiltak frå grunneigar. Ei slik godkjenning frå Statkog må då bli vidareformidla til den som har konsesjon for drifta av uttaket, og konsesjonshaldar må ta hand om det praktiske knytt til levering av massar.*

## 8 Planforslaget.

Planforslaget består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart i målestokk 1:1000 (A2-format)
- Planføresegner
- Planomtale (dette dokumentet)
- ROS-analyse
- Masseberekning

Planområdet ligg inntil og omfattar ein del av Veodalsvegen som er privat bomveg. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekke som har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert. Bakgrunnen for reguleringsplanforslaget er ønskje frå Lom fjellstyre og veglaget om å fortsette å ta ut grus for bruk til vedlikehald av veganlegg Hesthagen-Smørli-Ekleseter og Veodalsvegen. For at drifta skal kunne halde fram, er det sett krav om utarbeidning av reguleringsplan i kommuneplanen arealdel.

Planområdet ligg i Vårdalen statsallmenning sør, GID 157/1, inntil Veodalsvegen sør for Nåvårsetrene og vest for setrene/dyrkingsfeltet på Nåvårsetervangen og Tesse.

Hovudføremålet med reguleringsplanen, er å få avsett området som kan nyttast for råstoffutvinning for vidare drift. I reguleringsplanen er det vidare reglar knytt til drift, utforming og avslutning av uttaket.

Av omsyn til landskapsverdiar, kulturhistoriske verdiar og naturverdiar/biologisk mangfald i området, har det også vore viktig å tilpasse planen og planføresegnerne i forhold til desse.

Forslag til planløysing går fram av plankartet, jf. illustrasjon 12 under. For full kartinformasjon viser ein til reguleringsplankartet i A2-format som er vedlegg til saka.

Planområdet omfattar om lag 80,5 dekar og omfattar følgjande forslag til reguleringsformål:

R PAREALFORMÅL	FELTNAVN	AREAL M <sup>2</sup>	PROSENT
1200: Råstoffutvinning	R1 – R4	6 658	8,27
2011: Køyreveg	SKV1 - SKV2	2 611	3,24
2019: Annan veggrunn - grøntareal	AVG1 - AVG5	1 317	1,64
5100: LNRF areal	LNFR1 - LNFR2	65 414	81,24
5900: LNRF kombinert med massedeponi	KLM1	4 515	5,61
<b>Sum</b>		<b>80 515</b>	<b>100,00</b>

Omsynssone landskap omfattar eit areal på 55 832 m<sup>2</sup> (om lag 69 % av arealet). Grunnlaget for omsynssone er mellom anna er mellom anna planområdet si lokaliseringa innan KULA-område og lokalisering innafor område med verneverdiar knytt til geologisk arv, jf. nærmere omtale under.



Illustrasjon 12. Forslag til reguleringsplankart for Kykkjeflata massetak.

## 8.1 Reguleringsformål

### 8.1.1 Område for råstoffutvinning (R1 – R4).

Reguleringsformålet for råstoffutvinning omfattar eit areal på 6,7 dekar, som er om lag 12,5 prosent av arealet som avsett for arealformålet råstoffutvinning i kommunepalanens arealdel (53,7 dekar). I tillegg er det deponert steinmassar permanent på eit areal i den delen av grustaket som er avslutta, men som da er regulert for eit anna formål – LNFR kombinert med massedeponi - tilpassa etterbruken. Dette arealet på om lag 4,5 dekar, er dekt over med jordmassar for reetablering av stadleg vegetasjon.

Areal som er regulert for råstoffutvinning, skal kunne nyttast for uttak av massar og for behandling og lagring av lausmasse (grus, stein og sand) primært for bruk på veganlegga i området. Etter innspel frå fjellstyret er det også teke inn at massar også skal kunne nyttast for bruk ved byggetiltak på setre i drift i statsallmenningen. Arealet er oppdelt i fire deler, R1, R2, R3 og R4, som har ulike reglar om nedre grense for uttak og som er underlagt reglar om uttaksrekkefølge. Område R1 omfattar delar av det avslutta grustaket der det er lagra grov sprengstein frå tunneldrift i samband med Smådøla kraftverk. Områda R2, R3 og R4 er nye uttaksområder som vil basere seg på uttak av grusmassar frå den naturlege breelv-avsettinga. I reguleringsføresegne er det fastsett at den lagra grusen i R1 takast ut og nyttast først, før ein startar uttak i område R2, og sidan R3. R4 som omfattar ein grusrygg som står att mot aust ved etter drift av det gamle uttaket, behaldast som skerm for uttaksverksemda i dei andre uttaksområda, og takast ut til slutt.

Knusing og behandling av massane av sprengstein som er lagra i R1, vil dekke behovet for grusmassar for vedlikehald av veganlegga i mange år framover. I kapitel 4.3 framføre, er det antyda at dei lagra massane her vil kunne dekke behovet for ei periode på om lag 12 år. Ut

over denne tidsperioden vil vere behov for å hente grus frå nye grusførekommstar. Det vil vere ein klar fordel å kunne hente grus nær veganlegga på grunn av kostnadars og ulemper knytt til lang transport.



Foto: Bilde som viser steinmassane som er lagra i den gamle grusgruva - område R1 i forslaget til reguleringsplan. Det høgare partiet i til høgre bak den grå flata, er det permanente massedeponiet – område KLM1 i planforslaget.



Foto: Areala bak personen på bildet omfattar områda R2 og R3 i reguleringsplanforslaget, som blir føreslege opna forutak etter at den lagra grusen i område R1 er teke ut. Dei nye uttaksareala strekk seg ca. 30 m ut frå vegen som går ned i området.

I område R2 legg ein opp til at det kan takast ut grus ned til høgdekote 932 moh. Det vil si at det på det meste her kan takast ut masse ned til nivå 4,5 m lågare enn eksisterande terrengeoverflate. I område R3 legg ein opp til at det kan takast ut grus ned til høgde 934 moh. Det vil si at det i R3 på det meste blir uttak til nivå 4,7 m under eksisterande

terreng. Ein viser til terrengprofilar i masseberekinga som er vedlegg til planforslaget. Uttaka avsluttast med skråningar mot kringliggende areal med stigingsforhold 1:2 – tilpassa terrenget. Til saman er det rekna at det kan takast ut om lag 8 264 m<sup>3</sup> frå områda R2 og R3 for nytting til grusproduksjon. Det er rekna at det vil gi om lag 7 024 m<sup>3</sup> veggrus for bruk på veganlegget. Med eit årleg forbruk med snitt 500 m<sup>3</sup>, vil det tilseie at grusen frå R2 og R3 vil kunne dekke behovet for grus i om lag 14 år.

R4 står fram som ein rygg som står att der det opphavlege grustaket grensar mot naturleg terreng i aust. Det vil vere naturleg å ta ut massar her ved tilpassing av terrenget ved avsluttinga av grustaka i området, samstundes som at ein får nytta ressursane som er her. I R4 skal det kunne takast ut masser ned til høgde 930,5 m.o.h. – som svarar til høgda på uttaksflata i område R1 – og gjer desse samanhengande. Det er ein føresetnad at det blir sett att ein rygg på 2 m høgde ved avslutninga mot eksisterande terrenget nedfor, og at uttaket avsluttast med skråningar mot kringliggende areal med stigingsforhold 1:1,5 – tilpassa terrenget nedafor. Det er det rekna at det kan takast ut om lag 7 672 m<sup>3</sup> frå område R4 for nytting til grusproduksjon. Det er rekna at det vil gi om lag 6 521 m<sup>3</sup> veggrus for bruk på veganlegget. Med eit årleg forbruk med snitt 500 m<sup>3</sup>, vil det tilseie at grusen frå R4 vil kunne dekke behovet for grus i om lag 13 år.

Til saman i områda R1, R2, R3 og R4 har ein da grovt rekna at ein vil ha massar for vegvedlikehald grovt rekna i 40 år framover. Framskrivingar av klima gir grunn til å tru at vedlikehaldsbehovet for denne type grusvegar, i alle fall ikkje vil minske i åra som kjem, slik at det er mogeleg dette er eit noko optimistisk anslag. Ein ser dette i alle fall som ein tilstrekkeleg tidshorisont for planlegginga. I ei så lang tidsperiode kan ein også sjå for seg at det i området vil kunne bli tilførsel av andre grus-/steinressursar frå t.d. større anleggsverksemid i område som ikkje ligg alt for langt frå veganlegga. Om det ikkje skjer får ein evt. revidere reguleringsplanen eller vurdere andre område.

Det har også vore reist spørsmål om ein ikkje kunne få nytte massane av sprengstein i område KLM1 i planforslaget for uttak og produksjon av grus. Massane her var lagt ut som permanent massetippen som ein del av konsesjonen som var gjeve for utbygging av Smådøla for kraftproduksjon (kraftverk sett i drift i 2015). Bakrunnen var at det skulle vere med å bøte på "ulemper" som kraftutbygginga medførte, ved at landskapet i det gamle uttaket vart tilbakeført til nær det opphavlege. Det skjedde ved oppfylling med sprengstein nede i den djupe grusgruva, som vart dekt over med finare massar og vekstmedium på toppen for reetablering av stadleg vegetasjon. I reguleringsplanforslaget er arealet lagt ut som kombinert område for LNFR og massedeponi. Og i dag har det etablert seg lyngvegetasjon på toppen av denne fyllinga. Ein ser at det kan vere argument for at det vil vere fornuftig å nytte massar frå denne fyllinga ned til eit visst nivå for grusproduksjon, som alternativ til å ta i bruk meir eller mindre "jomfruelege" område som er føreslege i planen. Men planforslaget legg ikkje opp til uttak i området KLM1, og eventuelle uttak frå denne må i fall bli teke opp ved en eventuell seinare revisjon av reguleringsplanen og vil trulege også krevje endring av konsesjonsvilkåra for kraftutbygginga av Smådøla.

Etter regelverket vil tiltaket med utviding av massetaket som føreslege i reguleringsplanen, utløyse krav om driftskonsesjon frå Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) etter minerallovas § 43. I lova er ordlyden at krav om driftskonsesjon siår inn ved samla uttaka av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> urørt (in situ) masse, og på Kyrkjeflaten er det i reguleringsplanforslaget snakk om samla uttak i område R2, R3 og R4 av 17.353 m<sup>3</sup> "urørt"

masse. Det er tiltakshavar som må søkje om konsesjon for drift av massetaket. Det vil då også vere krav om utarbeiding av driftsplan for uttaket. I rettleiingsmaterialet frå DMF går det fram at søker skal sende inn en driftsplan saman med søknaden til DMF om driftskonsesjon. DMF. I driftsplanen skal det mellom anna vere omtalt korleis ein skal utnytte ressursen best mogeleg, korleis uttaka skal skje og korleis uttaksområdet skal bli avslutta og sett i stand. Det skal også være med informasjon om kva for sikrings- og oppryddingstiltak som skal bli gjennomført i driftsperioden og etter avslutta drift. Minerallovas § 51 pålegg den som skal gjennomføre uttak av mineralske ressursar ei sikrings- og oppryddingsplikt. DMF kan pålegge tiltakshavar å stille økonomisk sikkerheit for gjennomføring av dette. Dette skal ivareta samfunnets omsyn i tilfelle verksemda går konkurs eller ved tvangsavslutning.

DMF oppmodar om at reguleringsplanen ikkje legg føringar for sjølve drifta av uttaket, då ei eventuell endring i drifta kan føre med seg avvik mellom reguleringsplan og driftsplan, som kan innebere ei ny handsaming etter PBL. Dei viser til at eit masseuttak har ofte eit livsløp som går over fleire tiår, og ein driftsplan skal kunne endrast i takt med laupande faglege vurderingar og andre driftsrelaterte forhold.

Uttaksområdet på Kyrkjeflaten ligg i eit ope område – i dag like over skoggrensa – som er omfatta av verneomsyn knytt til mellom anna landskap og geologi. Som tidlegare omtalt ligg planområdet innafor KULA-område, dvs. landskap som riksantikvaren har vedteken skal vere sikra som "Kulturlandskap og landskap av nasjonal interesse". I tillegg ligg planområdet innafor område kalla Nåvårsæterhaugane som ligg i Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) sitt register for lokalitetar for å ivareta viktig geologisk arv. I tillegg til dette, er det viktige interesser i området knytt til leve og trekkområde for hjortevilt (især elg), og det er heller ikkje langt anlegg for fangst av hjortevilt som vart nytta i tidlegare tider - og som i dag er automatisk freda etter kulturminnelova. Det er derfor ikkje berre omsynet til ei driftsmessing optimal utnytting av grusressursen som kommunen finn å måtte ta omsyn til ved utforming av planen. Det er derfor, som nemnt framføre og jamfør reguleringsføresegnene, lagt opp til reglar om rekkjefølgje for uttak i området slik: R1, R2, R3 og til slutt R4. Planforslaget legg også opp til nærmere reglar som fastsett og avgrensar uttaksverksemda i forhold til type aktivitet og i forhold til tid.


I forslaget til reguleringsføresegner er det nedfelt at all knusing og sortering av massar skal skje i område R1. R1 ligg lågare i terrenget og vil ha betre mogelegheit for skjerming mot støy og støv frå verksemda mot nord og aust. Avstanden til den nærliggande hytta og til seterområdet vil også bli noko større i R1 enn frå R2, R3 og R4. I område R1 vil det også vere betre mogelegheit for å legge opp behandla massar i haugar mellom knuse-/sorteringsverket og hytta og seterbygnaden for å skjerme mot støy og støv. Mot sør vil det permanente massedeponiet (KLM1) skjerme både mot støy og innsyn.

I planføresegnene er det nedfelt at drift i massetaket skal kunne skje på kvardagar måndag – laurdag kl. 07:00 – 19:00, men at lasting og transport skal kunne skje på alle dagar kl. 07:00 - 23:00. Ein har også teke inn i planføresegnene reglar med sikte på å avgrense periodar for drift av støyande sorterings- og knuseverk til så korte periodar som mogeleg. Slik verksemd skal i samsvar med planforslaget, kunne skje innafor tidsromma 01.05 - 15.06 og 01.09 – 31.10. Avgrensinga er sett for å for å redusere konflikt i forhold til støy og støvflukt i dei tidsperiodane det er mest opphold av folk og dyr på nærliggande setre og i hyttar, og i forhold til friluftsliv og turisme.

I planføresegene er det elles vist til forureiningsforskrifta og støyforskrifta sine reglar i forhold til utslepp av støv og støy.

Det er også nedfelt i planføresegnene at uttaksområda ikkje skal nyttast til lagring eller behandling av betong, asfalt og liknande, og at lagring av skrot og søppel ikkje er tillate.

Yttergrensene for masseuttak skal følgje reguleringsformåls grensene. Ved avslutting av uttaksverksemda tilpassast med skråning minimum 1:2 mot eksisterande terrenget i områda R2 og R3 for tilpassing til omkringliggende landskap og sikring av skråningar. I område R1 er det fastsett skråningsutslag minimum 1:1,5 som vil vere ei forlenging av skråninga som det permanente massedeponiet er lagt opp med (KLM1). I område R4 er det også fastsett skråningsutslag til minimum 1:1,5 da skråninga ved avsluttinga av uttaka her vil vere kort og utlikne ein høgdeforskjell på berre 2 m mot omkringliggende terrenget. Illustrasjon 13 under viser regulerte uttaksområde R1, R2, R3 og R4 med skråningsutslag ved avslutting av uttaka i samsvar med planen.



Illustrasjon 13 viser uttaksområde R1, R2, R3 og R4 med skråningsutslag ved avslutting av uttaka.  
Areal utan strekar bli flatar i botn av uttaka, og det er her påført nedre uttaksgrense med kotehøgde..

For å ivareta tryggleiken ved uttaksområdet i driftsfasen, er det nedfelt i føresegnene at masseuttaket til ei kvar tid skal vere forsvarleg sikra.

Det er nedfelt i planføresegnene det må bli sørja for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn. Ved den drifta som det er lagt opp til i planforslaget, vil det ikkje bli drive djupare enn tidlegare, slik at ein med alt sannsyn ikkje vil kome i berøring med grunnvatnet. Uttaket vil ligge lågare enn terrenget ikring, slik at overflatevatn evt. vil kunne renne ned og samlast i botn av uttaket. Erfaring frå tidlegare drift, tilseier at vatn på overflata, vil drenere ned i grunnen forholdsvis raskt og ikkje skape problem. Det er lagt opp til nærmare reglar om handtering av overvatn i planføresegnene.

I planføresegnene er det teke inn reglar om opprydding og istandsetting av området, når massane ein gong i framtida er teke ut og uttaket blir avslutta.

#### **8.1.2 Køyreveg (V1).**

Reguleringsføremålet omfattar Veodalsvegen (SKV1) som er bomveg og tilkomstveg til områda for råstoffutvinning R1, R2, R3 og R4 (SKV2).

#### **8.1.3 Annan veggrunn – grøntareal (AVG1 - AVG5).**

Arealformålet omfattar sideareala til Veodalsvegen og til tilkomstvegen til områda for råstoffutvinning R1, R2, R3 og R4.

Areala skal nytties til nødvendig grunn til samferdselsanlegg utanom vegbana (veggrøft, vegskjering/vegskråning m.m.) for å ivareta vegane sin funksjon og samstundes ha eit grønt preg.

#### **8.1.4 LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemد basert på gardens ressursgrunnlag (LNFR1 og LNFR2).**

Areala er avsett for landbruk og reindrift, samstundes med at området kan nyttast for friluftsliv. På areala er det forbode med bygge- og anleggstiltak som ikkje har tilknyting til landbruk, reindrift eller friluftsliv.

#### **8.1.5 LNFR i kombinasjon med anna hovudføremål – massedeponi (KLM1)**

Areala er avsett for landbruk, reindrift og friluftsliv, samstundes med at området er nytta til deponi for massar etter utbygginga av Smådøla kraftverk. Dei deponerte massane av grov sprengstein, er dekte over med finare massar og jordmassar for gjenvekst av naturleg vegetasjon/skog.

### **8.2 Omsynssoner.**

### **8.2.1 Omsynssone - landskap (H550\_1).**

Omsynssona for landskap som er lagt som ei sone innanfor område som er regulert for LNFR. Sona strekk seg noko ut frå område for råstoffutvinning og vegane ut til avgrensinga av planområdet, og omfattar eit areal på om lag 56 dekar (om lag 69 % av arealet i planområdet). Innanfor omsynssona skal det ikkje skje terrenginngrep, og jord- og vegetasjonsdekke skal bli ivareteke. Omsynssona er mellom anna regulert inn på bakgrunn av at Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) har registrert Nåvårseterhaugane som «Geologisk arv» især med grunnlag av interessant avsmeltingshistorie som viser seg i området i form av eskerar, markerte terrassekantar, vifter og spylerenner. I tillegg ligg arealet innanfor KULA-område, dvs. landskap som riksantikvaren har vedteken skal vere sikra som "Kulturlandskap og landskap av nasjonal interesse".

## **9. Uttalar ved offentleg ettersyn og høyring av planforslaget.**

Planforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i perioden 10.02.2025-30.03.2025. Det kom inn 4 høringsuttaler i samband med den offentlege høyringa og ettersynet av planforslaget. Uttalene er vedlegg til saka. Under er det vesentlegaste frå desse referert, med kommentarar frå saksbehandlar.

### **9.1 NVE, brev datert 03.03.2025**

NVE skriv at dei på grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar, ikkje har kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring.

NVE skriv at kommunen som planmynde har ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. NVE viser til si kartbasert rettleiar for reguleringsplan, som leier ein gjennom NVE sine fagområde, og NVE sin rettleiar for arealplanlegging. Dei skriv at kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser.

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

#### Kommentarar frå plankontoret

*NVE gav meir konkrete innspel ved melding om oppstart av planarbeidet, jf. kapitel 7.1 framføre.*

*Kommunen har ved utarbeiding av reguleringsplanen vurdert planløysingar i forhold til NVE sin vegleiar for reguleringsplanar og NVE si kartbaserte rettleiar, jf. kommentarane frå saksbehandlar som er gjeve i kapitel 7.1.*

## **9.2 Direktoratet for mineralforvaltning, brev datert 13.03.2025**

### **Føresegner og forhold til driftsplan**

I føresegn §4.2.1 bokstav a) står det «uttaket er omfatta av krav om konsesjon etter minerallova, og det skal bli utarbeidd driftsplan». At konsesjonspliktige uttak skal ha driftsplan følgjer av minerallova, og kommunen bør ta ut den siste delen av føresegna som omtalar driftsplan. Kommunen kan eventuelt sette som rekkefølgjekrav at ein må søkje konsesjon før uttak av naturlege sand- og grusførekommstar.

Kommunen bør ta ut føresegna i §4.2.1 bokstav m), og siste setning av føresegna i §4.2.1 bokstav n). Kommunen bør sette eigne krav til landskapstilpassing og etterbruk i føresegne, som er heimla i plan- og bygningslova, men har ikkje anledning til å sette krav til innhaldet i driftsplanen. Ved avslutning av uttaket skal oppryddingstiltaka leggje til rette for planlagt etterbruk, men minerallova set ikkje krav om ferdigstilling av området til planlagt etterbruk1.

Føresegna i §4.2.1 bokstav i) set krav til sikring av uttaksområdet. Her bør kommunen vurdere å ta ut setninga «Reglar om sikring skal gå fram av driftsplanen for uttaket», da dette følgjer av minerallova. Generelt har ikkje kommunen anledning til å sette krav til innhaldet i driftsplanen i føresegne, men vil ha moglegheit til å kome med innspel når konsesjonssaka sendes på høyring.

### **Kommentarar frå plankontoret**

*Føresegne er endra i henhold til kommentarane over, noko som mellom anna inneber at innhald i form av paragrafar og ledd er forskyvd. Endringane gjorde inneber at ein i §4.2.1 bokstav a) har teke vekk at det skal bil utarbeidd driftsplan, og lagt søknad om konsesjon inn som rekkefølgjekrav i §6.1 andre ledd.*

*Ein har også teke krav om plan for revegeterering og terrengforming som del av driftsplan ut av bokstav § 4.2.1 bokstav m), og lagt inn krav om revegeterering og terrengforming i bokstav n), som omhandlar avslutting av uttaket, opprydding og reetablering av LNRF-formål.*

*I § 4.2.1 bokstav i) har ein fjerna at reglar om sikring skal fastsettast i driftsplan, i tråd med kommentaren frå direktoratet.*

### **Rekkjefølge uttak**

I føresegn §6.1 set ein vilkår om rekkjefølge for drifta i område. Dei lagra massane i område R1 i plankartet skal takast ut, før ein startar uttak av den naturlege grusførekommsten i område R2, R3 og R4. I utgangspunktet bør uttaksretning og etappar fastsettast i driftsplanen for uttaket. Etter DMF si vurdering er hensikta med etappeinndelinga gjort tilstrekkeleg greie for i planomtala, blant anna av omsyn til påverknaden på omgjevande og av omsyn til planlagt landskapstilpassing etter drift.

### **Kommentar frå plankontoret**

*Teke til orientering. Inga endring.*

## Skråningsvinklar

Føresegna i §4.2.1 bokstav n) og føresegn §6.1 set føringar for vinkelen på skråningane i uttaket ved avslutning av drift. Kommunen bør leggje til «minimum» før ein skriv ønska hellingsgrad, til dømes «overgang mot eksisterande terreng skal avsluttast med skråning minimum 1:2 i områda R2 og R3», då hallingsvinkel på skråningane vurderast ut i frå området og massane vollen består av.

### Kommentar frå plankontoret

*Ordlyd i §§ 4 og 6 er endra i henhold til kommentar frå direktoratet, ved å legge til "minimum".*

## Uttaksdjup

I føresegna §4.2.1 d) er det angitt nedre grense for uttak av massar. Slik DMF leser planomtala er nedre grense set for å skjerme omgivnadane ved uttak og produksjon av massar, og for å tilpasse uttaket til det kringliggende landskapet ved avslutning av drift. Kommunen bør vurdere om føresegna ikkje legg utilsikta avgrensingar. Viss ein i framtida ønskjer å drive masseuttaket under angitt nivå, vil dette krevje at saken må behandlast på nytt etter plan- og bygningslova.

### Kommentar frå plankontoret

*Plankontoret vurderer at ein bør behalde nedre nivå med omsyn til landskap og omgjevnader.*

## Tidsavgrensing

Føresegn §4.2.1 bokstav e) set føringar for periodar og tidspunkt det kan vere drift i masseuttaket, og når lasting og transport av massar kan gjerast. Føresegna legg opp til at produksjon i massettaket berre kan gjerast i avgrensa periodar på våren og hausten. Ifølgje planomtala er dette er med bakgrunn om å unngå drift i periodar der det opphald seg folk på hytter og setre i området. DMF legg til grunn at kommunen og tiltakshavar har vurdert at det er sett av tilstrekkeleg tid.

### Kommentar frå plankontoret

*Teke til orientering. Inga endring.*

## **9.3 Innlandet fylkeskommune, brev datert 31.03.2025**

## Bygg og landskap

Reguleringsområdet ligg innanfor Tesse og Smådalen kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Fjernverkanden av tiltak er difor viktig. Verksemda som reguleringsplanen legg til rette for er ei fortsettning av masseuttak som allereie er etablert på staden. Me tilrår å setta strenge krav til reparasjon av landskapet etter at drifta av eitt delområde er avslutta, i form av arrondering av terrenget ved hjelp av stadeigne massar og revegetering med heimehøyrande vekstar. Høgfjellsvegetasjonen er sårbar og revegetering tek tid. Der er difor viktig at dette arbeidet blir følgd opp nøye. Me tilrår dessutan at det blir sett grenser for kor høge haugar med mellomlagring av masser kan vera, ettersom dette vil vera veldig synleg i det ope landskapet.

#### Kommentar frå plankontoret

*Ein tek innspel om revegetering med heimehøyrande vekstar til etterretning, og har lagt dette inn i føreseggnene § 4.2.1 bokstav n. Frå før er det nedfelt i same føresegn at stadeigne massar i form av avdekkingsmassar og jord skal nyttast for reetablering til LNFR-formål. I tillegg har ein no supplert rekkefølgjeføreseggnene med krav om at landskapet i R2 og R3 er reparert i form av arrondering av terrenget ved hjelp av stadeigne massar og revegetering med heimehøyrande vekstar. I høve høgde på haugar vurderer ein at det ikkje er naudsynt å regulere ytterlegare. Det nedste området (R1) der ein kan legge opp haugar og behandle grus ligg lågt, og det er lite truleg at haugane som fyl av uttaksaktiviteten fører til haugar som blir så høge at det vert eit problem.*

#### Klima, miljø og naturmangfold - Vassmiljø

Dreneringslinjer i området viser at overvatn frå planområdet sannsynlegvis vil renne ned til Dågåtjønne, som vidare drenerer ut i Tesse. Dågåtjønne er eit fiskeførande tjern, der det er blitt registrert aure. Sjølv om drenering frå masseuttaket ikkje nødvendigvis vil påverke Tesse direkte eller i betydeleg grad, er det fortsatt viktig å unngå forureining til tjernet.

Fylkeskommunen meiner difor at det må setjast krav om overvakning av avrenning, slik at ein har kontroll på eventuelle utslepp til tjernet ved forureiningshendingar. Dette også med tanke på Tesse, som har därleg økologisk potensial, og difor er ein sårbar resipient.

#### Kommentar frå plankontoret

*Avstanden frå uttaket og ned til Dågåtjønne er om lag 800 m. Myr mot nordaust som drenerer til Dågåtjønne ligg 300 m frå uttaket. Det er ikkje spor i terrenget som indikerer at overflatevatn drenerar ut frå uttaksområdet mot Dågåtjønne eller Tesse. Området er generelt eit veldig tørt område med permeabel grunn.*

*At området er tørt, kan medføre noko behov for vatning for å unngå støvflukt. Gjennom planføreseggnene § 4.2.1 bokstav l, er det stilt krav om at det blir sytt for drenering for overvatn innanfor areal avsett for råstoffutvinning, eller at vatnet skal førast til avløp til bekkt/vassdrag. Utslepp til vatn skal ikkje overstige oppgjevne grenseverdiar (50 mg/l) eller skje i strid med forureiningsforskrifta § 30-6, jamfør planføreseggnene § 4.2.1 bokstav g.*

*Det er lagt opp til eit mindre uttak, over ein lengre periode, med tidsavgrensingar på produksjon. Med bakgrunn i tilhøva og avstandane på staden samt krav allereie nedfelt i planføreseggnene, vurderer plankontoret at eit ytterlegare krav om overvakning ikkje framstår som rimeleg sett opp mot omfanget av uttaket.*

#### **9.4 Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 30.04.2025**

Ved melding om oppstart av planarbeidet gav Statsforvaltaren i Innlandet ein uttale med konkrete innspel til tema og omsyn som burde handsamast i planarbeidet, jf. kapitel 7.4 framføre.

I uttala til denne høyringsrunden vurderer Statsforvaltaren at innspela frå oppstartsvarsel er særskilt godt svara ut i planomtala, plankartet og planføresegns. Statsforvaltaren melder å ikkje ha ytterlegare merknadar til planforslaget.

#### Kommentar frå plankontoret

*Statsforvaltaren sin uttale i denne høyringsrunden er teke til orientering. Inga endring.*

## **10. Planforslaget – endringar ved endeleg handsaming**

Planframleggset ved endeleg handsaming består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart i målestokk 1:1000 (A4 format)
- Planføresegner
- Planomtale (dette dokumentet)
- ROS-analyse
- Massebereking

Det er gjort endringar i planføresegnsene, planomtalen (dette dokumentet) og ROS-analysen, medan plankartet og masseberekinga er uendra.

Då det ikkje er gjort endringar på plankartet med omsyn til reguleringsformål som følgje av høyring og offentleg ettersyn, vil plankartet og arealtabellen som er vist i kapittel 8 framleis vere gjeldande. Det same gjeld omtale av reguleringsformål og omsynssoner i dette kapittelet.

I planføresegnsene er det gjort endringar på nokre av punkta i kap. 4.2.1 – Råstoffutvinning (R1, R2, R3 og R4). Endringane er gjort med grunnlag i faglege råd og merknadar frå Direktoratet for mineralforvaltning, og er knytt til kva for tema/forhold som er rett/tenleg å regulere etter plan- og bygningslova og kva for regelverk som i staden bør inngå i ein framtidig driftsplan for uttaket etter Minerallova sitt regelverk. For nærmare omtale av desse endringane viser ein til kapittel 9.2 over.

Planomtalen (dette dokumentet) er supplert med kapitla:

Kap. 9 Uttalar ved offentleg ettersyn og høyring av planforslaget

Kap. 10 Planforslaget ved endeleg handsaming

Det har medført at kapitelet "Verknadar av planforslaget" har fått ny nummerering 11, som då også vil gjelde underpunkt for kapittelet.

## 11. Verknadar av planforslaget.

### 11.1 Utløyser reguleringsplanforslaget krav om konsekvensutgreiing?

Arealet som det i reguleringsplanen blir føreslege regulert som område for råstoffutvinning i denne planen, ligg i kommuneplanen sin arealdel som "Område for råstoffutvinning" M6. Planforslaget omfattar elles regulering av ein mindre strekning av Veodalsvegen, som ligg som samferdselsline "Samleveg" kommuneplanens arealdel. Arealet elles er LNFR-formål i kommuneplanen, og er lagt ut med reguleringsformål "Landbruk" i reguleringsplanforslaget. Reguleringsplanforslaget må derfor seiast og vere godt i samsvar med kommuneplanen som overordna plan.

Det var gjennomført konsekvensutgreiing for området M6 for råstoffutvinning i samband med kommuneplanens arealdel. Rettleiar til KU-føresegna og kapittel 5.4 seier «... Selv om konsekvensene av ny eller endret arealbruk er utredet på et overordnet nivå, skal konsekvenser av det konkrete utbyggingsforslaget likevel utredes på detaljregulerings-nivå dersom det faller innenfor forskriften sitt virkeområde. ...».

Kommunen vurderer at forslaget om regulering, er heilt i samsvar med det som er fastsett i kommuneplanens arealdel. Ein vurderer såleis at utbygginga ikkje fell inn under tiltak som alltid skal bli konsekvensutgreia og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6 a og som er omfatta av tiltak i Vedlegg I. Vedlegg I punkt 19 omfattar uttak av malmar, mineral, stein, grus, sand, leire eller andre massar dersom minst 200 dekar sama overflate blir råka eller samla uttak omfattar meir enn 2 millionar m<sup>3</sup> masse. Området for råstoffutvinning M6 som ligg kommuneplanens arealdel for Kyrkjeflata, omfattar ei overflate på 53,7 dekar.

Planforslaget som er lagt fram tilseier berre at ein liten del av arealet som er avsett i kommuneplanen, er føreslege regulert for råstoffutvinning – nærmare bestemt 6,3 dekar.

Plankontoret har berekna at utnytting av lagra massar i uttaksområde R1 til om lag 8.850 m<sup>3</sup>, og at nye uttak i tilgrensande areal i områda R2, R3 og R4, til saman utgjer om lag 17.353 m<sup>3</sup> "urørt" masse. Storleiken på dei samla uttaka kjem langt under det som er nedfelt i Vedlegg I punkt 19 til KU-forskrifta

Vedlegg II nr. 2a til KU-forskrifta omfattar mindre uttak av massar. Det er nedfelt at tiltak kan vere omfatta av krav om konsekvensutgreiing etter KU-forskriftas § 8 a. som seier:


*"Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding: a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II.*

*Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen".*

Sidan kommunen vurderer at forslaget om regulering, er heilt i samsvar med det som er fastsett i kommuneplanens arealdel, og arealbruken er konsekvensutgreidd tidlegare på kommuneplannivå, står det da likevel att ei vurdering av om planen/tiltaket skal bli konsekvensutgreidd meir grundig på detaljplannivå ut frå om framtidig utbygging kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, § 10. I dette planområdet er det drevet masseuttak og vore massedeponi i mange år med heimel i kommunedelplan/kommuneplan. Storleiken på det arealet som blir råka av masseuttak, vil bli utvida når dei lagra massane som ligg i uttaket er brukt opp, og ein startar uttak på "jomfrueleg" areal kring uttaket. Men utviding av uttaksområdet omfattar eit areal på berre 2,8 dekar, og gjennomsnittleg årleg uttak av grus for å vedlikehalde veganlegget vil ikkje bli særleg endra i forhold til i dag.

I KU til kommuneplanen var landskapsverknaden av masseuttaket M6 - Kyrkjeflaten – vurdert å ha "Middels negativ konsekvens". Dette ut i frå at området var vurdert å ha landskapsverdiar ut over det normale, og at området ligg ved skoggrensa og er synleg frå store område. Uttaket ligg i kanten av ein større breelvavsetting med eskerar, markerte terrassekantar, vifter og spylerenner i retning ned mot Tesse. Framhald av grusverksemda vil medføre at det visuelle intrykket vil endre seg over tid ved at nye areal blir omfatta av uttak og/eller større mengde masse blir lagt opp i haugar. Uheldige landskapsverknader kompenseras av regelverk gjeve i reguleringsføresegnene og av regelverk om istandsetting av areala etter uttaksverksemda er avslutta. Plankontoret reknar at framhald av drifta i uttaket ikkje vil medføre vesentleg større ueheldige konsekvensar for landskapsbiletet enn i dag. Det er heller ikkje rekna at drifta i samsvar med planføresegnene som er føreslege for uttaket, vil medføre vesentleg større ulemper og miljøbelastning enn i dag.

Sidan vedtaket av kommuneplanen, har området eit større område som omfattar Nordsetrene, Nåvårsetrene, Smådalen og fjellområdet kring Kvitingeskjøle, vorte omfatta av Riksantikvaren sitt vedtak om sikring av viktige kultur- og naturlandskap (KULA) – kalla Tesse og Smådalen. I skildringa av dette området i riksantikvarens rapport står det mellom anna: "*Landskapet er rikt på spor etter ekstensiv utnytting av utmarksressursar, som vitnar om aktivitet og busetting i området i fleire tusen år. Rundt Tesse og i Smådalen finst steinalderlokalitetar, fangstanlegg, jernvinneanlegg, graver, samiske buplassar og spor etter beite- og seterdrift. Ved Tesse ligg det i dag 20 setrar og område med grasproduksjon og beite for sau og storfe. Både setrane og fiskeressursane i vatnet har vore viktige for grenda Vårdalen i Garmo i Ottadalen.*" KULA-området Tesse og Smådalen er om lag 201,2 km<sup>2</sup> stort, og vist på illustrasjon 14 under.



Illustrasjon 14: Område markert med gulaktig flate er Riksantikvarens avgrensning av KULA-området Tesse og Smådalen (om lag 201,2 km<sup>2</sup>). Omrisset av planområdet for reguleringsplanen er lagt inn med svart omriss søraust i området (om lag 0,08 km<sup>2</sup>).

Som omtalen av KULA-området nemnar, er det er registrert ei rekke kulturminne i nærleiken av planområdet.

Om lag 700 m aust for uttaks/masselagringsområdet, ligg det ei samanhengande rekke av gropar (17) registrert som fangstgropar for rein som er freda som er ein samanhengande lokalitet under namnet Nåvårsetervangen-Smådøla (id. 124286). Om lag 1,2 km aust for uttaks-/masselagringsområdet, ligg det likeins ei rekke av gropar (7) registrert som fangstgropar for rein som er freda som er ein samanhengande lokalitet under namnet Tesse-Smådalen (id. 124316). Denne har samanheng med ei fangstgropar som ligg på rekke og rad vidare innover Smådalen.


Langs Tesse i områda ved Dågåtjønn, Volnebban og Naustervikje om lag 1 km nordaust for uttaks-/masselagringsområdet på Kyrkjeflaten, er det registrert fleire busettings-/aktivitetsområde frå steinalderen, fiskefangstanlegg og jernvinneanlegg, noko som vitnar om stor aktivitet i området svært langt attende i tid. Ein har også fleire steinalderbusettingsar på Vågå-sida nær utlaupet av Smådøla som ligg om lag 1,5 km frå uttaks-/masselagringsområdet på Kyrkjeflaten.

Kor lenge det har våre bygnad knytt til seterdrifta på Nåvårseter, er det ikkje sikre opplysningar om, men i matrikkelen er det registrert 15 bygningar i SEFRÅK-registeret som

er underlagt meldeplikt etter kulturminnelovas § 25 - og som da etter definisjonen er eldre enn 1850.


Eit par hundre meter sør for uttaks-/masselagringsområdet er steinformasjonen Steinkyrkja registrert som arkeologisk minne. Steininformasjonen som er ca. 6 m høg, kan ut frå namn og utforming vere knytt til tidlegare rituell/kultisk aktivitet. I Askeladden er den registrert som mogeleg samisk offerstein, og det er nok denne steinformasjonen, som har gjeve namnet til Kyrkjeflaten nedafor.

Illustrasjon 15 under viser lokaliseringa av kulturminna og andre kulturhistoriske verdiar som er registrert i området.



Illustrasjon 15: Registrerte freda kulturminne og andre kulturhistoriske verdiar i nærområdet til planområdet (kjelde Askeladden). Det er teksta på kartet kva slag for kulturminne/kulurhistorisk verdi det er snakk om. Plangrensa for reguleringsforslaget er lagt inn med stipla grå strek.

Sidan vedtaket av kommuneplanen, har området Nåvårseterhaugane også kome med i eit landsomfattande register NGU har for område med verneverdiar knytt til «geologisk arv». NGU skriv at Nåvårseterhaugane har ei interessant smeltingshistorie, og på faktaarket for lokaliteten skriv NGU mellom anna følgjande: "*I forbindelse med isdirigert drenering fra Smådalen er det i lisida ned mot Tesse avsatt et system av slukeskere, glasifluviale vifter og en markert terrasse. Avsetningen er gjennomskåret av glasifluviale dreneringsspor. Området inneholder forøvrig vesentlige kulturminner i form av steinalderboplasser m.m. Området er aktuelt i vernesammenheng, særlig hvis en i tillegg trekker inn kulturminnene.*" Området som er omfatta av "geologisk arv", er vist i illustrasjon 16 under.



Illustrasjon 16: Område markert med blå flate er NGU sin avgrensning av område registrert med "geologisk arv". Omrisset av planområdet for reguleringsplanen er lagt inn med svart strek.

Etter KU-forskrifta § 10 skal ein gjere ei vurdering av om lokalisering og påverknad på omgivnaden kan medføre eller komme i konflikt med (sitat):

- verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven*
- truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv*

Området for masseuttaket på Kyrkjevollen er pr. i dag ikkje underlagt nokon form for vedtak om vern. Planområdet ligg riktig nok innafor KULA-området Tesse og Smådalen, men det tilseier ikkje noko formell freding eller vern. I høyningsdokumenta frå Riksantikvaren i prosessen før vedtaket om KULA-områda i Oppland frå 2021, er det skreve at området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det står vidare at det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken. Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- Funnstadene der gammal is smeltar, må følgjast opp.
- Framleis slått og beite i seterområda er viktig for å halde oppe kvalitetane i landskapet.
- Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.

- Element som underbyggjer karakteren i det historiske landskapet, bør takast vare på, slik som vegfar, tufter og fangstanlegg.

I høyringsdokumentet til KULA-områda frå 2021, er det mellom anna skrive dette om området Tesse og Smådalen: *"Reguleringa av Tesse, og dessutan overføringa av vatn frå Veodalen til Smådalen, har ført til tap av og skadar på kulturminne. Fleire steinalderlokalitetar som vart påviste i nordenden av Tesse på 60-talet, er no eroderte bort og har gått tapt. Erosjonen er seinare noko stabilisert, men er framleis ein trussel for kulturminna og landskapet. Dei brearkeologiske lokalitetane er sikra. Landskapet er sårbart for ny hyttebusetnad og inngrep i dei tradisjonelle seterområda, som også er sårbare for attgroing."*

Kunngjering frå Riksantikvaren om vedtak om utlegging av KULA-områda i Oppland, som da mellom anna omfatta området Tesse og Smådalen, vart gjort med brev datert 10.05.2023. Lom kommune vedtok revisjon av kommuneplanens arealdel 15.12.2022 i forkant av dette vedtaket, og har ikkje lagt ut nokon omsynssone i arealdelen eller gjeve føresegner knytt til det nye KULA-området. Det vil først kunne skje ved neste revisjon av kommuneplanen. Høyringsprosessen kring utlegging av dei nye KULA-områda skjedde i sluttfasen av arbeidet med revisjon av kommuneplanen, og var med i dei vurderingane kommunen gjorde kring arealdisponeringa på Kyrkjeflata og områda kring Nåvårsetrene og Nåvårsetervangen. Det låg til grunn både omsyn til kulturhistoriske verdiar/kulturmiljø, til landskap, til naturverdiar og omsyn til landbruk/setring da kommunestyret 15.12.2022 gjorde vedtak av kommuneplanens arealdel utan at tidlegare framlegg om eit større hytteområde på Nåvårsetervangen var med. Vedtaket innebar likevel at det eksisterande masseuttaksområdet på Kyrkjeflata, vart vidareført som område for råstoffutvinning (M6).

Masseuttaksområdet på Kyrkjeflata kan ikkje seiast å kome i direkte konflikt med freda kulturminne eller bevaringsverdig kulturmiljø som er registrert i området, og var i kommuneplanprosessen ikkje vurdert å vere i avgjerande konflikt med dei omsyn ein inkludering av arealet i KULA ville innebere.

Statusen området Nåvårseterhaugane har fått i NGU-basen knytt til område som er viktige for "geologisk arv", kom også etter kommuneplanvedtaket i 2024. Heller ikkje dette inneberer nokon formell freding eller vern, men inneberer vel ein form for framtidig vurdering med omsyn til dette når NGU skriv: *"Området er aktuelt i vernesammenheng, særlig hvis en i tillegg trekker inn kulturminnene."* Statsforvaltaren skriv i si uttale til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid knytt til at området er registrert i NGU si base for "geologisk arv", at det ikkje ligg føre planar frå Statsforvaltaren om supplerande vern her, men vi ber kommune trekkje inn og vurdere dei kvartærgeologiske verdiane i planskildringa. Det er elles ingen av dei andre av høyringsinstansane som har kommentert at området ligg i basen for "geologisk arv". Og ingen av dei offentlege høyringsinstansane har knytt kommentarar til at området er inkludert i KULA-området Tesse og Smådalen.

Plankontoret har ut frå dette gjort ei nærmare vurdering av KU-kravet i forhold til om planområdet ved si lokalisering, kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn i forhold til dei omsyn som er nemnt i § 10 KU-forskrifta. Det er da især andre avsnitt pkt. b) som vurderast å vere det mest aktuelt i denne saka. Både dei mange kulturhistoriske verdiane i området og landskapsverdiar især knytt til kvartærgeologien, men også til KULA, kan tilseie

at kravet om konsekvensutgreiing kan slå inn i forhold til "verdifulle kulturminne og kulturmiljø" og "verdifulle landskap" – da især desse verdiane vurdert samla. Det er viktig at denne problemstillinga blir godt belyst.

Plankontoret vurder det her vil vere tilstrekkeleg konsekvensar av uttaket i forhold til kulturminne/kulturmiljø, landskapsverdiar, kvartærgeologiske verdiar, blir grundig omtalt i planskildringa ut frå at:

- dei freda kulturminna og konkrete kulturhistoriske verdiane ligg i noko avstand frå planområdet.
- nye uttak av massar vil skje i tilknyting til eit allereie eksisterande massetak som har ligge lenge inne i kommunens planverk (kommunedelplan 1998/kommuneplan 2003).
- landskapsverknadane er forventa å bli avgrensa, på bakgrunn av at uttaksarealet og uttaksmengdene vil vere forholdsvis små og knytt til vedlikehald av fjellvegar og setervegar – og ikkje vere uttak basert på "kommersiell" drift.
- at eventuell ueheldige landskapsverknadar og omsyn til geologisk arv, her greitt kan avbøtast med regelverk fastsett i reguleringsføresegner og ved avgrensning av uttaksområdet i utstrekning og djupne for uttak.

Plankontoret har også gjort ei vurdering av KU-kravet i forhold til om planen kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn i forhold til dei omsyn som er nemnt i § 10 KU-forskrifta – nærmare bestemt først avsnitt pkt. c) avfallsproduksjon og utslepp.

Når det gjeld eventuelle verknadar i forhold til vatn-/luftforureining (her under støy og støvutslepp), finn plankontoret det tilstrekkeleg at verknadane av utslepp vert tilstrekkeleg belyst i ROS-analysen som følgjer reguleringsplanforslaget. Av ROS går det fram at det er ei hytte som ligg så nære uttaket (om lag 140 m) at støy frå uttaksverksemda, medfører store ulemper i forhold til å opphalde seg utandørs der i periodar med drift av knuse- og sorteringsverk. Støy og støvflukt frå uttaket vil også elles kunne gå ut over trivsel. Ut frå terrenghorholda vil vere vanskeleg å gjennomføre fullgode skjermingstiltak. I ROS er det som avbøtande tiltak føreslege at drivar av uttaket må legge opp til i å avgrense periodar for drift av sorterings- og knuseverk til så korte periodar som mogeleg, og sørge for at det blir varsle i god tid, slik at hytteeigar kan planlegge opphold utanom desse periodane. Ved lagring av masse, må drivar av uttaket legge opp haugar mellom uttaket og hytta, slik at desse skjermar mot støy og støv mot hytta. Det er teke inn i planføreseggnene med vising til støyforskrifta og forureiningsforskrifta sine reglar i forhold til støy og støv. Ein har funne det naudsynt å ta inn i planføreseggnene reglar som avgrensar tider for drift av sorterings- og knuseverk, jf. kapitel 8.1.1 framføre. Eventuelle reglar om varsling av hytteeigar og reglar for lagring av masse som støyvollar mellom uttaket og hytta er ikkje nedfelt i reguleringsføreseggnene, ut frå at plankontoret oppfattar at dette høyrer heime i behandling av driftskonsesjon og eventuell driftsplan som skal godkjennast av DMF, og at nærmare reglar må bli fastsett der. Søknad om driftskonsesjon etter Minerallova og eventuell driftsplan, skal bli lagt fram til offentleg høyring der mellom anna kommunen og partane er høyringspartar, slik at ein har mogelegheit for påverknad der.

## 11.2 Verknadar for naturmiljø og naturmangfold.

For all utøving av offentleg mynde som røyrer naturmangfold følger det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal bli lagt til grunn.

Planområdet er ikkje omfatta av areal eller ligg nær område som er kartlagt som viktig naturtype. Det er ingen registreringar i Artsdatabanken av truga/sårbarer dyre eller planteartar i eller nær planområdet. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, og området sør for Nåvårsetrene har stor verdi for elgen og for elgtrekket i området. Elg er ikkje nokon truga art, men har stor forvaltningsinteresse.

I samsvar med naturmangfaldlovas § 8 skal kunnskapsgrunnlaget av naturmangfald og naturverdiar baseraast på vitskapleg kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypens utbreiing og økologisk tilstand.

I dette tilfellet legg ikkje reguleringsplanforslaget opp til nokon auke i aktiviteten i masseuttaket, men at uttaka til vedlikehald av veganlegget kan fortsette på same nivå som i dag. Det vil innebere at årlege uttak av massar framleis vil vere små – kring 500 m<sup>3</sup>. Verksemda vil omfatte støyande aktivitetar som knusing eller sortering av massar i delar av året. Uttaksområdet vil berre få ei moderat utviding i forhold til areal som er omfatta av tidlegare uttak (2,8 dekar).

Når det gjeld elgstamma som nyttar området, er det ikkje opplysningar som tilseier at elgen vert vesentleg forstyrra av uttaksverksemda som skjer på Kyrkjeflaten delar av året. Tiltaket vil ikkje medføre særleg utviding av nedbygd areal eller medføre ny verksemd som vil ha stor påverknad på naturmiljøet ut over planområdet. Med bakgrunn i at aktiviteten som ein legg opp til for massetaket, vil vere på dagens nivå, konkluderer ein i denne saka med at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å fatte vedtak i denne plansaka.

Føre-var prinsippet etter § 9 i naturmangfaldslova skal bli nytta i dei tilfella der ei avgjerd kan bli fatta utan tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknad denne vil ha på naturmiljøet. I slike tilfelle skal ein unngå mogeleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Da ein over har vurdert kunnskapsgrunnlaget som godt nok, og planforslaget elles er vurdert til ikkje å ha vesentleg påverknad for naturmiljøet, vurderer ein ikkje føre-var prinsippet relevant i forhold til den videre behandlinga av planforslaget.

Etter § 10 skal den planlagde bruken av området vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Planforslaget er vurdert til ikkje å gi nokon vesentleg belastning for økosystemet. I nærliken har det skjedd kraftutbygging av Smådøla, mellom anna med permanent massedeponi i planområdet. Innsjøen Tesse er sterkt regulert med store reguleringssonar som store opne flatar på ettermiddagen og våren. Veodalsvegen går tett ved planområdet, og her er det ein del trafikk på sommaren da vegen er open. Det er eldre setre ved Nåvårsetren, der nokre er i drift, og det er store dyrkingsfelt på Nåvårsetervangen ut mot Tesse. Det er også nokre fritidshytter i området, dei fleste av eldre dato. Ein kjenner ikkje til anna mogelege belastningar på naturmiljøet ein desse i området, som må sjåast i samanheng med tiltaka i planforslaget. Tross desse tiltaka, vil ein karakterisere tilstanden for naturmiljøet og økosystemet i området oppfor Tesse mellom Nåvårsetrene og Smådøla som god. Plankontoret si vurdering av samla belastning, er at naturmiljøet og økosystemet ikkje vil ta varig skade av framhald av drifta av masseuttaket med dei avgrensingar det leggast opp til i reguleringsplanforslaget.

Plankontoret reknar ut frå det som er skrive over, at dei planlagde tiltaka som er omfatta av planforslaget, ikkje vil føre til vesentleg skade på naturmangfaldet i dag eller i framtida. Tiltaket vil ikkje føre med seg slik skade på naturmangfaldet at vurdering av dekking av kostnader ved miljøforringing blir relevant (jf. § 11 i naturmangfaldlova).

Formålet med § 12 er å ta sikte på å unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet. Dette skal man gjere gjennom å ta utgangspunkt i slik teknikk og lokalisering som, ut i frå vurderinga av dei andre prinsippa, både tar omsyn til naturen og til samfunnsøkonomiske prinsipp. Ein vurderer at anleggsverksemdu som må utførast ved drifta av masseuttaket i samsvar med planforslaget, vil bygge på kjend teknikk, vil vere forholdsvis lite omfattande og føreseieleg og vil ivareta dei omsyn som § 12 er meint å ivareta.

Grusuttak er i utgangspunktet eit tiltak som ikkje er gunstig for naturmiljøet. Jord, humuslag og vegetasjonsdekke som naturen har brukt årtider på å bygge opp, må bli fjerna for at mineralressursane under skal kunne bli utnytta. Dette er areal som også har vore livsmiljø for dyr, fugleliv og mikroorganismar. Ein føreset vanlegvis avbøtande tiltak med at jord og humuslag skal bli lagt til side, og bli attendeført som topplag etter at grusen er teke ut. Tidshorisonten er ofte lang, og det kompenserer ikkje på nokon måte fullt ut for dei biologiske verdiar som går tapt.

På lokaliteten som blir utnytta for grusuttak ved Kyrkjeflata, er det likevel avgrensa med biologiske verdiar som går tapt. Jorddekket/humuslaget er tynt, og det permeable grusdekket under held lite på væte. Terrasseflata med grus ligg oppfor skogbandet, utsett for vêr og vind, og byr på eit lite gunstig livsmiljø. I utgangspunktet er det derfor eit økosystem med forholdsvis lite biologisk mangfald og biomasse.

Det er eit samfunnsmessig behov for å stelle veganlegga, og ressursane som skal til for det, må takast ein plass. Med omsyn til å redusere utslepp av klimagassar og andre forureiningar, vil det vere gunstig å unngå lang transport av grus for vedlikehald av veganlegga. Her er det allereie eit grustak som er i drift, og som ligg tett inntil veganlegget. Med bakgrunn i dei forholdsvis avgrensa skadeverknadene ein her ser at dette har for naturmiljøet, meiner plankontoret at det av miljøomsyn vil vere fordelaktig å utnytte det eksisterande uttaket vidare i forhold til å starte uttak på andre grusressursar som ligg langs veganlegget, og der det også er tilknytt vesentlege verneverdiar (jf. kapitel 4.2 framføre).

### **11.3 Verknadar for friluftsliv og barn/unge.**

Uttaksområdet er forholdsvis lite, og legg ikkje beslag på areal som er spesielt aktuelle for friluftsliv. Masseuttaket har dessutan vore der i lang tid, og ligge som eit lite attraktivt område for friluftsliv. Ser ein litt større på det, har området kring Kyrkjeflata mot Nåvårsetrene og mot Nåvårsetervangen og strekninga mot Smådøla, kvalitetar som burde gjere området attraktivt for opplevelingar. Det med bakgrunn i kombinasjonen av landskapselement som er varierte og særegne med bakgrunn i avsmeltinga av store brear som skjedde her i slutten av siste istid, mange kulturminne i form av fangstgroper som er godt definerte og synlege, den særegne formasjonen Steinkyrkja og fossestryka i Smådøla, som er imponerande tross vassdragsutbygginga. Men området, er likevel lite prega av ferdsel av folk, og det er ikkje godt markerte eller merka stiger. Langs Veodalsvegen oppe på Kyrkjeflata, er det mange både turistar og lokale folk som syklar eller gjer stopp med bil i området. Grusuttaka og periodane med arbeid med vedlikehald vegen, skjer over ein forholdsvis kort periode. Det er i reguleringsføresegnene sett avgrensingar i forhold til tid for dei mest støyande aktivitetane som verksemda i grustaket vil medføre, slik at ein vurderer at grusverksemda ikkje vil medføre større problem og forstyrningar i forhold til utøving av friluftsliv i området.

Ein vurderer at barn- og unge sine interesser ikkje vert særskilt påverka av reguleringsplanforslaget.

## 11.4 Verknadar for landskap.

Grusuttak er i utgangspunktet eit tiltak som ikkje er gunstig av landskapsomsyn. Jord, humuslag og vegetasjonsdekke, vert fjerna for at mineralressursane under skal kunne bli utnytta. Uttaka vil da i alle fall i driftsfasen stå fram som eit sår i landskapet. Dei planlagde uttaksområda/arealformålā er vist på flybilde frå 2015 under. Reguleringsplanforslaget inneberer at området som nyttast for uttak blir utvida noko med områda R2, R3 og R4.

KLM1 er området for det permanente masselageret etter utbygginga av Smådøla. Samstundes som det dekka eit behov utbyggjar Eidefoss AS hadde for å få ein plass å lagre massar som var sprengt ut av tunellane, skulle deponiet bli etablert slik at det "reparerte" gamle sår i landskapet etter mange års massetak. Massane her er fylt opp til høgdenivå som veggen/parkeringa inn frå Veodalsvegen. Toppen av fyllinga i KLM1 strekk seg frå høgde frå 942 moh. i vest til 938 moh. i aust.




Illustrasjon 17: Dei planlagde uttaksområda/arealformålā vist på flybilde frå 2015.

I område R1 er det lagra massar i det gamle grustaket opp til høgde om lag 934,5 moh på den øvre flata. Massane her er grov sprengstein som er dekka over med eit tynt lag med finare grusmasse på toppen med omsyn til tryggleik for ferdsel. Massane her er lagt opp for å kunne takast ut for å bli vidareforedla til grus for å nyttast for vedlikehald av veganlegget. For

R1 seier reguleringsføresegne at det kan takast grus ned til nivå med den nedste flata som er har etablert seg etter tidlegare uttak, dvs. ned til om lag 930,5 moh. Områda R2 og R3 er nye uttaksområde, der eksisterande terrengeoverflate skrår fra sørvest (R3) til nordaust fra om lag 940 moh (topp R3) til 932 moh. (botn av R2). For R2 seier reguleringsføresegne at det kan takast grus ned til 932 moh, medan det i R3 kan takast grus ned til 934 moh.

Planen legg opp til at uttaka i områda R2 og R3 avsluttast med skrånningar mot kringliggende areal med stigingsforhold 1:2 for tilpassing til terrenget ikring. Område R4 står fram som ein rygg som står att der det opphavlege grustaket grensar mot naturleg terrenge i aust. Det vil vere naturleg å ta ut massar her ved tilpassing ved avsluttinga av grustaka i området. I R4 skal det kunne takast ut masser ned til høgde 930,5 m.o.h. – som svarar til høgda på uttaksflata i område R1 – og vil gjere at desse to områda vil stå fram som samanhengande. Det er ein føresetnad at det blir sett att ein rygg på 2 m høgde ved avslutninga mot eksisterande terrenge i aust, og at uttaket avsluttast med skrånningar mot kringliggende areal med stigingsforhold 1:1,5 – tilpassa terrenget nedafor.

I det opne fjellandskapet på Kyrkjeflaten, vil inngrepa vere synleg frå eit stort område, særleg frå fjellområda rundt som ligg høgare enn uttaksområdet. Planområdet og uttaksområdet ligg like oppfor skoggrensa om lag 100 meter høgare enn Tesse. Frå innsjøen vil ikkje området vere synleg, men det er lite som skjermar for sikt inn mot området frå høgdedraga og fjella rundt. Kartet under viser lokaliseringa av planområdet og omgjevnaden rundt.



Illustrasjon 18: Lokaliseringa av planområdet og fjellområdet rundt.

Frå høgdedraga og fjella i aust på Vågåsida, vil det vere ope sikt frå høgdedraga kring Trollhøi, Kalvfjellet og Grjothovda. Men avstanden til desse områda er lang; 4-5 km, slik at det vil vere avgrensa kor tydeleg inngrepet på Kyrkjeflaten vil stå fram. Frå vestsida vil

grustaket vere godt synlege frå stigningane opp mot Sylvetjørni, Heggeberget, Gulfjørhaugen og Grønhøe.


På Nåvårsetrene som ligg nord for uttaksområda på Kyrkjeflaten, er det 7 setre som ligg til gardar i Garmo. Dette er setre som ligg i statsallmenningen, og det er varierande grad av aktiv drift i dag. Det har vore seterdrift her langt attende i tid, og det er mange eldre bygg som er registrerte i SEFRÅK-registeret. Setervollane ligg i lia som skrå nedover i retning Tesse. På Nåvårsetervangen er det store dyrkingsfelt på flata vest for utlaupet av Smådøla som er av nyare dato. Desse ligg også i statsallmenningen, og fleire av dei har tilknyting til gardar med seter på Nåvårsetrene.



Illustrasjon 19: Bilde tatt frå Nåvårsetrene ned mot dyrkingsflatene på Nåvårsetervangen. Foto: Ø. Pedersen.


Omgivnadane til reguleringsplanområdet, tilseier at det er grunn til å vere forsiktig med I å gjere terrengeinngrep i området. På dei neste sidene er det vist korleis planområdet/massetaket står i landskapet i enkle 3D-modellar frå Norge i 3D (Norkart AS)

**Illustrasjon 20**  
Lokalisering av  
uttaksområdet i  
landskapet sett  
frå sør.  
Massetaket ligg  
ope til på ei  
terrasseflate. Dei  
nye uttaks-  
områda R2, R3  
og R4 vil kome  
noko nærmare ei  
hytte og  
Nåvårsetrene.






*Illustrasjon 21:  
Lokalisering av  
uttaksområdet i  
landskapet sett  
frå vest. Ein vil  
sjå massetaket  
som eitt sår i  
landskapet frå  
dei nedre delane  
av Smørlivegen,  
men ikkje frå  
Smørlisetrene.  
Massetaket vil  
også vere synleg  
frå liene og fjella  
kring nedre del  
av Smådalen. På  
våren og først på  
sommaren er det  
avdekt store  
sandflatar i  
reguleringssona  
for Tesse (i  
bakgrunnen).*



*Illustrasjon 22:  
Lokalisering av  
uttaksområdet i  
landskapet sett frå nord.  
Ein vil sjå massetaket  
som eitt sår i landskapet  
frå dei øvste av  
Nåvårssterene og frå  
Smørlivegen og  
Veodalsvegen. Frå dei  
nedste setrene vil  
terrengformasjonar  
sperre for direkte sikt.*



*Figur 23:  
Lokalisering av  
uttaksområdet i  
landskapet sett  
frå aust. Frå  
høgare område  
på Vågå-sida vil  
ein kunne sjå  
massetaket, men  
avstanden er stor  
slik at det vil vere  
mindre  
skjemmande. På  
våren og først på  
sommaren da det  
er avdekt store  
sandflatar i  
reguleringssona  
for Tesse (i  
forgrunnen), vil  
desse vere langt  
meir  
framståande.*

Plankontoret vurderer at fjernverknadane for landskapet ved å fortsette drifta av massetaket i samsvar med reguleringsplanforslaget, vil vere til å leve med. Det er drive uttak av grus i uttaket på Kyrkjeflaten i ei årrekke for å dekke behov for stell og vedlikehald av fjellvegane i området, og sjølv om grustaket står fram som eit sår i det opne fjellandskapet, er det ikkje veldig framståande.

Nært innpå vil det landskapsinngrepet som grusuttaket medfører, verke meir skjemmande. I den nordre del av grusgruva er det lagra masse etter vasskraftutbygginga for at desse skal takast ut for stell og vedlikehald av fjellvegane i området i mange år framover (område R1 i planforslaget). Etter kvart som massane her blir teke ut vil område på ny stå fram att som ei forholdsvis djupt søkk i terrenget. I følgje det nedre uttaksnivået som det er lagt opp til i planforslaget, vil botn av denne gruva bli liggande om lag 8 m lågare enn nedre kant av det permanente massedeponiet i område KLM1. Dei planlagde nye uttaksområda R2 og R3 ligg på det nærmeste om lag 140 m frå hytteigarane. For hytteigarane vil både framhald av uttaksverksemda i R1 og utviding av grusverksemda til nye område vere lite heldig, da det er direkte innsikt frå hytta både mot R1, R2, R3 og R4. Under er det illustrert kor dei nye uttaksområda R2 og R3 ligg i landskapet i retninga mot hytteigarane.




Illustrasjon 24: Øvste bilde viser situasjonen i dag. Personen i bildet står på flata med dei knuste massane i område R1. I det nedste bilde er det lagt inn grå flatar på det terrenget der uttaka i områda R2 og R3 er planlagd.

Massane som er lagra i område R1 er berekna å kunne dekkje til over 12 års forbruk på veganlegget, samstundes som at det er lagt opp til at område R1 skal nyttast for grusbehandling og lagring av massar frå dei planlagde uttaka i områda R2, R3 og R4. At botn av uttaksområde R1 ligg så lågt og lågare enn nedre nivå for uttak som er føreslege for R2 og R3, vil gjere at det vil vere betre eigna for slik verksemد med tanke på negativ

påverknad mot omgjevnadane. At terrenget omkring ligg høgare enn i R1, vil både bidra til å redusere ulempene med støy og støvflukt, samstundes som det vil vere mindre innsikt mot R1 enn til dei andre uttaksområda. R1 har også noko større avstand til hytteeigedomene.

Til Nåvrætene er det større avstand. Det nærmeste sela er på setrene til Mo og Bruløkken, som ligg om lag/noko over 500 m unna, som ligg i terrenghøgde 935 moh og 925 moh. Det vil vere sikt frå desse mot både øvst i dei nye uttaksområda R2, R3 og R4, og også mot uttakverksem knytt til dei lagra massane i område R1. Terrenget nær uttaksområda, vil skjerme av noko for direkte innsikt når grusverksemda skjer lågare i uttaksområda. Også frå selet på setra til Hidem (i avstand 700 m og terrenghøgde 915 moh.) vil det vere sikt mot øvst i uttaksområda, men her vil terrengrformasjonar stenge for sikt mot verksem i område R1. På setra til Lygved nordigard (i avstand 650 m og terrenghøgde 925 moh.) er det pr. i dag ikkje bygningar som er eigna for opphold, men her vil også bygga på setrene til Mo og Bruløkken truleg stenge for direkte sikt mot uttaksområda. Bildet under er fotografert frå øvst der det planlagde uttaksområdet R3 vil kome i retning mot Nåvrætene.



Illustrasjon 25: Bildet er fotografert frå standpunkt øvst i det planlagde uttaksområde R3 i retning mot Nåvrætene. Den svarte lina er omrentleg avgrensing av uttaksområdet (foto Ø. Pedersen 2024).

Når uttak og lagring av uttekne lausmassar vert avslutta, skal uttaksområda bli sett i stand for bruk som LNFR-formål. Landskap i R2 og R3 skal reparerast før ein tek til med drift i R4. Overgang mot eksisterande terrenget i R2 og R3 skal avsluttast med skråning 1:2. I område R4 er det er ein føresetnad at det blir sett att ein rygg på 2 m høgde ved avslutninga mot eksisterande terrenget i aust, og at uttaket avsluttast med skråningar mot kringliggande areal med stigingsforhold 1:1,5 – tilpassa terrenget nedafor. Botn av uttaksområda R1 og R4 vil stå fram som ei samanhengande flate ved avslutning av uttaksverksemda. Skråninga mellom

R1 og KLM1 vil bli lagt med tilsvarende skråning som det permanente massedeponiet. For alle uttaksområda er det ein føresetnad at det skal tilførast jord for reetablering av vekstlag. Men dersom reguleringsplanen eller delar av denne vert realisert vil det ligge langt fram i tid, frå 20 – 40 år.

Framhald av grusverksemda på Kyrkjeflaten vil utvilsamt ha uheldige verknadar for landskapet. Det er lagt opp til at massane av sprekkestein som er lagra i område R1, skal takast ut først. Masseberekninga tilseier at massane her vil rekke til for ein periode på noko over 12 år. Når det gjeld spørsmål om det skal tillatast å ta hol på nye areal for uttak i område R2, R3 og R4, må det vurderast opp mot eventuelle alternativ. Det er eit samfunnsmessig behov for å stelle vegen, og ressursane som skal til for det må takast ein plass. På Kyrkjeflaten er det allereie eit grustak som er i drift. I kapitel 4.2 er det gjort ei vurdering av om det finns alternativ til masseuttak på Kyrkjeflaten. Konklusjonen er at det av landskapsomsyn, vil vere fordelaktig å utnytte det eksisterande uttaket vidare i forhold til å ta hol på nye areal om ein skal kunne skaffe grusressursar for vegvedlikehald i områder i nærområdet til veganlegget.

### **11.5 Verknadar for kulturminne og kulturmiljø.**

Kulturvernavdelinga i fylkeskommunen skriv at det ikkje er det ikkje er arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne innafor eller i nærliken til planområdet. Dei viser til at tiltaket er av relativt avgrensa karakter, og at biletet frå flyboren laserskanning over området, heller ikkje viser synlege spor etter utmarkskulturminne. Utifrå dette har IFK vurdert det slik at det ikkje trengs å gjerast ei arkeologisk registrering i saka.

Innlandet fylkeskommune skriv at dei likevel må ta reservasjon om moglege kulturminne som ikkje tidlegare er registrert, til dømes kulturminne under markoverflata.


Det er i fall i dei nye uttaksområda, det eventuelt da kan finnast kulturminne. I område R1 og KLM1 har det vore grusverksem og skjedd masseflyttingar i mange år, slik at det ikkje er potensiale for funn her. Kommunen vurderer etter eigne synfaringar i planområdet, at det er lite sannsyn for funn av kulturminne i område R2, R3 og R4, sjølv om det aldri heilt kan utelokkast. Det er i reguleringsføresegnsene tek inn føresegn knytt til den generelle aktsemplikta som gjeld kulturminne som er nedfelt i kulturminnelova § 8 - 2. ledd - dvs. at dersom der i anleggsperioden blir avdekkta funn av kulturminne, skal kulturvernminnemyndigheita straks bli varsle og arbeidet stansast i den utstrekning det kan røyre ved kulturminnet.

### **11.6 Verknadar for vassressursar.**

Planområdet er ikkje registrert som ein grunnvassressurs. Det er ikkje registrert brunnar i eller nær planområdet.

På det topografiske grunnkartet (FKB) er det ikkje vist bekker ned gjennom planområdet. Næraste bekk som er vist på det topografiske kartet ligg nord for hytta om lag 200 m frå grustaket. På kart frå Innlandsgis er det vist kor det er potensiale for at det renn overflatevatn i søkk og grøfter. Det kan vere at dette er mindre bekkesystem sjølv om dei ikkje går fram av det topografiske kartet- jf. illustrasjonen under. På kartet viser kart over dreneringslinjer at det

er fleire vassig som samlar seg og renn på vestsida av Veodalsvegen ved planområdet, og som har sitt utlaup i bekken nord for hytta. Ut frå Innlandsgis, vil ikkje det kome vatn/overvatn frå her over Veodalsvegen. Kartet viser også at det også er eit søkk nedover langs austsida av vegen Veodalsvegen på austsida som der det kan drenere vatn, men også her går det utanfor areal som er føreslege regulert for masseuttak. I søraustre kant av planområdet er det eit system av renner og lågpunkt i terrenget. Denne delen av planområdet ligg lågare enn både det som er arealet som allereie er nytta til uttak og det arealet som er aktuell å nytte.



Illustrasjon 26: På kart frå Innlandsgis er det vist både bekker som er registrert på det topografiske kartet (FKKB) og kor det er potensiale for at det renn overflatevatn i søkk og grøfter.

Alle desse systema renn ut i Dågåtjønn før dei renn vidare ut i Tesse. Da det ikkje vil vere vatn frå desse systema som drenerer ned gjennom uttaksområda som er føreslege i planen, vurderer ein det som lite sannsynleg at uttaksverksemda som det er lagt opp til i planforslaget vil påverke vassressursar negativt – verken grunnvatn eller vatn på overflata.

Det er på kartet frå Innlandsgis også vist lågpunkt inne i det gamle uttaksområde R1 der det er lagra knuste massar i den søre delen. Kartet viser at vatn frå vassamlingar her vil drenere og renne ut av området. Slik botn av uttaket ligg i dag, er terrenget høgare rundt, slik at vatn ikkje vil renne som overflatevatn ut av uttaket. Etter alt sannsyn vil vatnet trekke ned i dei permeable grusmassane så lenge det ikkje er frost i bakken.

Ein reknar at grusverksemda ikkje vil medføre nokon større fare for forureining verken av vassførekommstar på overflata eller til grunnvatnet. Ved all verksemnd med anleggsmaskinar og køyretøy, må ein sørge for at det ikkje skjer uhell som medfører utslepp av drivstoff,

motorolje eller hydraulikkolje som kan forureine grunnvatnet eller vassførekommstar. Det er den som driver aktivitet i uttaket er ansvarleg for at det ikkje skjer slik forureining. Framtidig drift vil ikkje medføre særleg auking av aktivitet i grustaket i forhold til i dag.

### 11.7 Verknadar for geologiske ressursar.

Grusressursen er nærmere omtala i kapittel 4. Som nemnt der har plankontoret gjort ei massebereking av områda som er føreslege regulert som område for råstoffutvinning, jf. vedlegg til planforslaget. Samla massar for uttak går fram av masseberekinga og tabellen under:

Område	Areal m <sup>2</sup>	Uforedla masse m <sup>3</sup>	Foredla til veggrus m <sup>3</sup>	Type masse
R1	3 825	8 853	6 197	Sprengstein som er lagra etter kraftutbygginga
R2	605	2 655	2 257	Naturleg førekomst av grus i breelvavsetting
R3	1 229	5 609	4 768	Naturleg førekomst av grus i breelvavsetting
R4	999	7 672	6 521	Naturleg førekomst av grus i breelvavsetting
<i>Sum</i>	6 658	24 789	19 743	

Normalt vedlikehaldsbehov på veganlegget er av vegselskapet stipulert til 500 m<sup>3</sup> veggrus årleg. Ut frå dette vil grusressursane som er regulert i planen dekke behovet i underkant av 40 år framover.

Det er tidlegare i kapitel 11.1 omtalt "Nåvårseterhaugane" er med i eit landsomfattande register NGU har for område med verneverdiar knytt til «geologisk arv». Planområdet og grustaket er ein del av lokaliteten "Nåvårseterhaugane", jf. illustrasjon 16 i kapitel 11.1. Det inneberer ikkje formell freding eller vern pr. i dag, men NGU skriv: "*Området er aktuelt i vernesammenheng, særlig hvis en i tillegg trekker inn kulturminnene.*"


DMF peikar i si uttale på at ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg, og at det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet. I uttaksområdet på Kyrkjeflaten, som ligg i eit ope fjellandskap, er det andre omsyn enn optimal utnytting av råstoffkjelda som må vektleggast tungt. Omsyn til landskap (ligg i KULA-område), naturmiljø, geologisk arv mm., gjer at ein her berre kan legge opp til ein forsiktig utnytting av ressursen for å dekkje lokale behov for grus til stell og vedlikehald av fjellvegane i området.

### 11.8 Verknadar for jord- og skogbruk.

Mesteparten av planområdet er føreslege regulert for landbruk-, natur- og friluftsliv samt reindrift (LNFR). Dette reguleringsformålet omfattar 65,4 dekar - og 81,2 % av arealet i planområdet.

Planområdet omfattar ikkje areal som er dyrka eller registrert som dyrkbart. Planområdet ligg utanfor konsesjonsområde for tamreindrift, men Lom tamreinlag opererer nær området.

I markslagsregisteret AR5, er det arealet i planområdet der grusuttak har skjedd og er planlagt, registrert som *anna jorddekt fastmark* eller er vist som *ikkje kartlagt/klassifisert*, jf. kart og tabell under. Areala nedst i planområdet er registrert som *uproduktiv skog*.



Illustrasjon 27: Utsnitt av AR5 for planområdet og tilgrensande areal.

Areala i planområdet er klassifisert slik i markslags-registeret (AR5):

<b>Markslag AR5</b>	<b>AREAL M<sup>2</sup></b>	<b>PROSENT</b>
Anna jorddekt fastmark	46 560	57,8
Uproduktiv skog	23 168	28,8
Veg	1 590	2,0
Ikkje kartlagt areal (grustak og masselager)	9 197	11,4
<b>Sum</b>	<b>80 515</b>	<b>100</b>

Dei nye uttaksområda R2, R3 og R4 omfattar snaumark og mellom 930-940 moh. Uttaksområde R1 har vore omfatta av grusuttak i lang tid. Område KLM1 er nedlagt grusgruve som er fylt opp med massar etter kraftutbygginga for varig deponi – og som er dekt med jordmassar for tilbakeføring til LNFR. Alle desse areala er klassifisert anten som "Anna jorddekt fastmark" eller som "Ikkje kartlagt" i AR5.

Arealet kring Nåvårseter er viktig område for utmarksbeite for storfe og sau. Beitebruksplan for Lom frå 2007, viser at det vart slept 100 storfe og 400 sau i området mellom Nåvårsetra og Smørlia. Områda som er føreslege regulert for råstoffutvinning vil i nokon grad kome i konflikt med beite av storfe og sau, men beiteområdet er stort og grusareala på Kyrkjeflata har i lengre tid ikkje hatt nokon beiteverdi. Utviding av området for massetak (R2, R3 og R4) omfattar eit areal på berre 2,8 dekar, slik at det er lite beiteareal som vert direkte råka av inngrep.



Illustrasjon 28: Det er furuskog på strekninga frå nedst i planområdet ned mot dyrkingsfeltet på Nåvårsetervangen. Øvst klassifisert er skogen klassifisert som uproduktiv skog, lengre nede som skog med låg bonitet (Foto Ø. Pedersen).



Illustrasjon 29: Sau på beite på Nåvårsetervangen (Foto Ø. Pedersen)

Reguleringsplanforslaget inneberer at areal som er avsett for råstoffutvinning ein gong i framtida skal attendeførast til LNFR-formål (landbruks-, natur- og friluftlivsformål samt reindrift), slik at areal som i planen blir regulert for massetak eigentleg blir mellombels disponert for føremålet.

Både for landbruksnæringa og reindriftsnæringa i området, er det viktig at er tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av fjellvegane i området med omsyn til transport av beitedyr, tilsyn av dyr, samling av dyr, osv. Å ha tilgang til grus nær veganlegget, er viktig for å halde kostnadane nede – noko som er til gagn for landbruksnæringa.

### **11.9 Verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling.**

Planområdet ligg ved Veodalsvegen som er bomveg som berre er open i sommarsesongen. Den største delen av trafikken på vegen er knytt til landbruket og tamreindrifta si utnytting av utmarksressursar, til transport knytt til drift av vasskraftanlegg i området og trafikk av turfolk/turistar innover mot fjellområde kring Veodalen og Glitterheim Turisthytte.

Trafikken på vegen er totalt sett forhaldvis liten, men kan vere stor på enkelte dagar med "fjellvêr" og stor utfart.

Uttransport på veganlegget av massar frå masseuttaket på Kyrkjeflaten medfører lastebil-/traktortrafikk etter vegen, men skjer i hovudsak i periodar med lite anna trafikk på vegen. Uttaksmengdene og trafikken som følgje av framhald av drifta, vil venteleg ikkje auke i forhold til i dag. Det er gode siktforhald ved inn og utkøyring til massetaket.

Forholda kring trafikktryggleik og fare for trafikkulykker, er nærmare omtala i ROS-analysen som følgjer planforslaget. Ein viser til det som står der. I ROS-analysen er konklusjonen at det er liten ulykkesfare.

### **11.10 Verknadar for forureining, energi og klima.**

Masseuttak medfører støy og kan medføre støvflukt mot omgjevnadane. Massane i uttaksområda, må forelast til veggrus ved behandling i knuse- og sorteringsverk. Det er ved drift av knuse- og sorteringsverk at støybelastninga og moglegheitene for støvflukt er størst. For uttaket på Kyrkjeflaten som ikkje drivast på kommersiell basis, men produserer grus for vedlikehald av setervegar og fjellvegar, er dei aktivitetane som medfører mest støy, avgrensa. Veglaget leiger inn entreprenør som driv eit sorterings- og knuseverk i ein kortare periode, og det blir da knust/sortert masse for fleire års forbruk som blir lagra i området. Støy blir det også frå anleggsmaskinar som graver ut, flyttar og lastar opp masse inne i uttaket, og frå trafikk ved utkøyring av massar.

Støy og svevestøy vil først og fremst vere eit problem for opphold og bygnad i nordleg retning frå grustaket, da det her er dårleg eller ingen skjerming av terrengformasjonar. Hytta som ligg om lag 140 m frå planlagd nytt uttaksområde, ligg svært utsett til for støyande aktivitetar i uttaket og eventuell støvflukt frå uttaksområdet. Støy frå sortering og knusing, vil også kunne vere til sjenanse for seterbygnaden på Nåvåsetrin, på det næraast om lag 0,5 km unna.

Reguleringsplanen legg opp til at sprengsteinen som ligg lagra i område, R1 skal takast ut for foredling til veggrus først. Når desse massane er brukt, vil ein starte opp att nye uttak på dei stadlege grusressursane, først i område R2 ,så i område R3 og til slutt i område R4. Uttaka i R2 og R3 vil da skje noko nærmare hytta og seterområdet enn tidlegare. Sjølv om storleiken

på det arealet som blir påverka av tiltaket, vil bli utvida, reknar ein ikkje at gjennomsnittleg årleg uttak av grus for å vedlikehalde veganlegget vil bli særleg endra i forhold til i dag. Planen legg opp til at all behandling av massane for foredling til veggrus i knuse og siktverk skal skje i område R1.

Problematikken kring støy og svevestøv er nærrare behandla i ROS-analysen som følgjer planforslaget. Det er her gjort ei nærrare risikovurdering. Det går her fram at hytta ligg så nærrer at støy frå aktivitetar som maskinell knusing og siktning av massar, at det i verste fall nærrast vil vere umogeleg å opphalde seg utandørs der i dei periodane det er drift med maskinelt knuse- og sorteringsverk i uttaket. Støy og støvflukt frå uttaket vil elles kunne gå ut over trivsel både for folk på hytta og på Nåvårsetrene. Tiltak som er føreslege for å redusere konfliktane med naboane til grusverksemda, er å avgrense dei mest støyande aktivitetane i tid, avgrense dei til berre å skje lågt i terrenget i område R1 og ved å legge opp lagra massar som skjerming av støy frå knuse- og sorteringsverk. Det er teke inn i planføreseggnene regler om når drift i uttaket kan skje (primært kvardagar kl. 7 -19). Perioden for maskinell knusing og sortering/siktning skal avgrensast mest mogeleg i tid, og planforslaget legg opp til å tillate at slike aktivitetar skal kunne skje innafor to tidsperiodar: 01.05 - 15.06 og 01.09 – 31.10. Ein håper med dette å unngå dei mest støyande aktivitetane til periodar da det er lite folk i området på setre, hytter og folk som utøver friluftsliv i området.

Uttransport av massar og drift av anleggsmaskinar i uttaket vil medføre forbruk av energi. Uttaksmengdene og aktiviteten i uttaket som følgje av framhald av drifta i uttaket etter at reguléringsplanen er på plass, vil venteleg ikkje auke i forhold til i dag. Energiforbruket vil derfor venteleg ikkje auke i framtida. At uttaket ligg inntil veganlegget der grusen skal nyttast, er fordelaktig med omsyn til energiforbruket, da uttransporten blir forholdsvis kort. I dag er køyretøy og maskinar som nyttast i drifta av uttaket drive med fossilt drivstoff som gjev klimautslepp. Korleis dette vil utvikle seg i framtida er usikkert, men det skjer stadig ei teknisk utvikling som mogeleggjer omlegging til elektrisk/batteri-drift av køyretøy og anleggsmaskinar. Sjølv for maskinar som blir drive med fossilt drivstoff, kan ein rekne med ei teknisk utvikling som gjer at desse får betre utnyttingsgrad og medfører mindre skadelege utslepp i framtida.

Når det gjeld vurderingar av verknadar for klima elles, er det teke utgangspunkt i at vidare drift av uttaket i samsvar med planforslaget vil medføre ei omdisponering av omtrent 2,8 dekar som ikkje tidlegare har vore avdekka eller nyttta for grusuttak. Fjerning av jord- og humuslaget på desse areala, vil medføre at det blir frigjort klimagassar.

Tabellen under viser berekna utslepp av klimagassar som følgje av det arealet som er planlagt omdisponert ved realisering av planforslaget.

Arealbonitet AR5	Areal i m <sup>2</sup>	Utslepps-koeffisientar (kg CO <sub>2</sub> /m <sup>2</sup> )		Utslepp (kg CO <sub>2</sub> )		
		Biomasse	Jord	Biomasse	Jord	<b>Sum</b>
Anna jorddekt fastmark – impediment	2 833	20.3	48.0	57 510	135 984	<b>193 494</b>

Tabellen viser berekna utslepp av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget (metode: SVV, Metode for berekning av CO<sub>2</sub>-utslipp knytt til arealbeslag ved vegbygging, 2015).

Summen av frigjering av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget, vil medføre eit klimautslepp tilsvarende 193 tonn CO<sub>2</sub>. Det er ved utrekninga ikkje teke omsyn til at uttaksområda skal bli sete i stand etter at grusen er teke ut og bli attendeført til LNFR-formål. Reguleringsførere segnene føreset t.d. at ein skal ta vare på avdekkingsmassar og jord som skal nyttast for reetablering til LNFR-formål. Ein reknar med bakgrunn i dette at tiltaket over tid vil ha minimale negative klimaverknadar som følgje av sjølvre omdisponeringa av hittil urørt areal.

## 11.11 Verknadar for teknisk infrastruktur.

Det er ikkje etablert teknisk infrastruktur i eller nær uttaksområdet, og heller ikkje planar om dette.

## 11.12 Verknadar for samfunnstryggleik.

Plan- og bygningslova stiller krav om gjennomføring av analyser for risiko- og sårbarheit (ROS-analyser) ved all arealplanlegging, jf. § 4.3. Det er utarbeidd ROS-analyse som følger planforslaget. Analysen er utarbeida i samsvar med vegleiarar frå Direktoratet for sikkerheit og beredskap (DSB).

Følgande farar/uønskte hendingar er vurderte som relevante for planområdet, og det er da gjort ei risikokartlegging vurdering av sårbarheit for desse i ROS-analyesen i samsvar med DSB sin vegleiar:

1. Masseutgliding
2. Ekstremnedbør og overvatn
3. Støy og støvflukt
4. Trafikk og fare for trafikkulykker

For det gjeld forholda som er nemnde over, er planområdet og arealbruken det planleggast for vurdert som moderat sårbart for masseutgliding som følgje av verksemda i uttaket, og som moderat sårbart med omsyn til støy og støvflukt mot omgjevnaden. For desse to tema er det gjennomført ei meir detaljert risikokartlegging på DSB skjema. For dei to siste tema – ekstremnedbør og overvatn og fare for trafikkulykker, er planområdet og arealbruken det planleggast for er vurdert som lite sårbart. Ein viser til ROS-analyesen for meir opplysningar.

Når det gjeld vurderinga av faren for masseutgliding, har det bakgrunn i at det i uttakfasen vil det bli forhaldsvis høge brokantar, som på grunn av at dei er bratte, vil vere noko ustabile.

Uttaksverksemda vil da kunne medføre ein viss fare for utglidningar/mindre ras av masse ned i uttaket. Dette kan potensielt medføre fare for mindre skred som kan nå maskinar og folk som arbeidar i uttaket. Folk og dyr som eventuelt kjem inn i området, står i fare for å utløyse utras av brotkantane slik at dei dett ned eller får masse over seg med moglegheit for skadar. Sjanske for at det skulle skje vurderast som svært liten. Det er oversiktleg på staden, og for folk og dyr som skal passere, er det naturleg å legge vegen utanom uttaket. I planføresegnene er det teke inn føresegns om at uttaket til ein kvar tid skal vere forsvarleg sikra. Det skal bli søkt om konsesjon etter minerallovgjevinga. Ein eventuell driftsplan skal bli godkjend av Mineraldirektoratet, og i denne kan det bli fastsett nærmere reglar knytt til sikkerheit og tryggingstiltak, til dømes om det skal bli sett opp varselskilt om anleggssområde/fare, om det skal settast opp gjerde for å unngå at folk eller dyr kjem utafor brotkanten og skadar seg m.m. Ein viser til nærmere omtale av dette i ROS-analysen.

Når det gjeld støy og støvflukt frå aktivitetar i massetaket, vil det vere problematisk først og fremst i avgrensa periodar ved drift av maskinelt knuse- og sorteringsverk. Tiltak som er føreslege for å redusere ulempene, er å avgrense dei mest støyande aktivitetane i massetaket tid, avgrense dei til berre å skje lågt i terrenget i område R1 og ved å legge opp lagra massar som skjerming av støy frå knuse- og sorteringsverk. Ein viser til nærmere omtale av dette i ROS-analysen og i kapittel 11.10 over.